

Kvifor vert nokon sjuk av å vere flink?

Ei undersøking av flink pike-syndrom sett i lys av sosial representasjonsteori og identitetsprosessteori.

Torunn Espe



Hovudoppgåve

UNIVERSITETET I OSLO

20.10.2015

Kvifor vert nokon sjuk av å vere flink?

**Ei undersøking av flink pike-syndromet sett
i lys av sosial representasjonsteori og
identitetsprosessteori.**

Copyright Torunn Espe

2015

Kvirfor vert nokon sjuk av å vere flink? Ei undersøking av flink pike-syndromet sett i lys av sosial representasjonsteori og identitetsprosessteori.

Torunn Espe

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Forfattar: Torunn Espe

Tittel: ”Kvifor vert nokon sjuk av å vere flink”. Ei undersøking av flink pike-syndromet sett i lys av sosial representasjonsteori og identitetsprosessteori.

Rettleiar: Ole Jacob Madsen.

Bakgrunn: Unge jenter skriv i Aftenposten si debattside for ungdom, Si:D, om eit flink pike-syndrom. Det kan sjå ut som vi har fått eit nytt omgrep. I følgje Blakar (2006) vil ein før eller seinare om ein interesserer seg for problem som har med menneske og deira situasjon å gjere, kome bort i problem som er knytt til språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har denne oppgåva teke på seg å sjå nærare på flink pike-syndrom gjennom sosial representasjonsteori og identitetsprosessteori. Er det slik at dette omgrepet vert nytta som ein meistringsstrategi for dei unge jentene, og kva kan vi forstå av dynamikken mellom identitet og sosiale representasjonar ved å sjå på kommunikasjonen til dei unge jentene?

Metode: Analyse av 11 tekstar frå Aftenposten si Si:D og Ung Debatt, debattside for ungdom. Tekstane vart analyserte ved hjelp av tematisk analyse med utgangspunkt i Braun & Clarke (2006) sin modell med seks ulike fasar.

Resultat: Dei unge jentene som identifiserer seg med flink pike-syndromet, tek kontakt med kvarandre gjennom Aftenposten si debattside for ungdom og informerer om konsekvensar og løysingar kring fenomenet. Dei unge jentene forklarar ein identitet som er foreinleg med det å vere flink å høyre til ei slik gruppe. Ved å skulle ta avstand frå ein slik kategori må ein også ta avstand til verdiane og dei emosjonelle faktorane det å høyre til denne gruppa gjev. Ut frå Tajfel (1978) sin sosial identitetsteori vil jentene sette seg sjølv og si gruppe i eit positivt lys – og dermed sjå på utgrupper som eit mindre forlokkande alternativ. Vi er motiverte til å oppretthalde eit positivt sjølvbilde – og dei unge jentene ser ut til å føretrekke å ha eit flink pik-syndrom, enn å skulle gje opp si eiga flinkheit. Dei ulike identitetane til jentene gjev oss ulike sosiale representasjonar og ei ulik kommunikasjonsform. Identiteten, måten dei ser kvarandre på og representerer seg sjølve, er med på å forme korleis dei kommuniserer og forstår si eiga verkelegheit.

Avsluttande tankar: Det ser ut til at vi har ein bekymra ungdomskultur (Hageberg, 2014). Det er stort press på utdanning – utdanning er vegen til fridom. Gjennom utdanning og arbeid vert kvinner i dag lokka med eit fridomsideal som har utvatna feminismen. McRobbie (2009) viser til post-feminisme og ei disartikulering av feminisme. Ho spør seg om dette fører til

post-feministiske lidingar blant jenter, og at identitet og roller til unge jenter (og gutar) i dag er trongare enn før: Det individualiserte samfunnet gjev ikkje rom for individuelle ulikskapar. Det kan sjå ut som patologi er blitt normalen i dagens samfunn og at vi får dominerande sanningsregimer rundt kvinner som noko sjukleg – noko svakare.

I think the reward for conformity is that everyone likes you except yourself.
Rita Mae Brown

Forord

Eg tenkjer på denne oppgåva som ein spire – eit utgangspunkt for vidare arbeid med eit perspektiv eg tidlegare ikkje har hatt med meg på psykologistudiet. For meg har prosessen med oppgåva vore langvarig – eg har leita og lest mengder av litteratur for å forstå noko som for meg var ukjent ved oppstart - sosial representasjonsteori. Etter ein diskusjon med min rettleiar om bruken av diskursar rundt fenomenet flink pike-syndrom, kom vi inn på representasjonane til dei unge jentene – og at dette kunne vere av interesse. Ei slik tilnærming til oppgåva gjorde meg nysgjerrig og eg gjekk heim for å sjå nærare på kva tidlegare pensum frå studiet kunne fortelje meg om teorien. Men her fann eg ingenting. Dette har gjort at eg har leita høgt og lågt etter bøker og artiklar i forsøk på å få teorien under huda. Men til meir eg las, dess mindre kjentes det ut som eg forsto. Dermed gjekk eg tilbake til det originale arbeidet til Moscovici og jobba med det som utgangspunkt – for så å byggje vidare. Dette har vore nyttig – og den fyrste takken må gå til min samboar, Håvard, som har gitt meg tid å rom til fordjuping av ein ny teori. Kvar dag har tilført nye perspektiv til oppgåva – og litt etter litt har dette blitt sluttproduktet.

Denne oppgåva kunne ikkje ha vorte til utan tekstane til dei elleve unge jentene som har skrive ned sine tankar og opplevingar og sendt inn til Aftenposten. Det er jenter som er svært skrivedyktige, og gjev ei god innføring i kva det vil seie å vere ung i Norge i dag. Den største takken går dermed til dei. Så må eg takke min rettleiar, Ole Jacob Madsen. Han har, både personleg og gjennom sine bøker, gitt meg innsikt i ny teori og metodiske tilnærmingar. Hos han fekk eg nøkkelen til sosial representasjonsteori – og plutselig dukkar det opp sosiale representasjonar over alt, og psykologien har ikkje alle svara lenger for meg.

I tillegg er det alltid nokon som jobbar i kulissane, som stiller når det røyner på og kjem med oppmuntrande ord. Takk til far for retting og gode innspel av oppgåva. Og ein takk til mor. Du gav meg tidleg innblikk i at ikkje alt var som det skulle vere i samfunnet når det kom til kjønn. Kanskje hugsar du det ikkje sjølv, men eg trur eg var 13 år då eg høgt og tydeleg proklamerte at verda låg for mine føter, og ytra mi misnøye med kvinner som ikkje nytta seg av moglegheitene som var til stades i samfunnet. Du fortalde meg då at det ikkje var så enkelt som det såg ut til, at det ikkje var kvinnene sin feil, men at det låg nokre maktstrukturar bak. Dessverre kan det sjå ut til at du hadde rett.

Innholdsliste

1 Innleiing	1
1.1 Problemstilling	2
2 Teori	5
2.1 Identitet og sosiale representasjonar	5
2.2 Sosial representasjonsteori	7
2.2.1 Kva er sosiale representasjonar	7
2.2.2 Opphavet til sosial representasjonsteori	8
2.2.3 Korleis vert sosiale representasjonar danna	9
2.2.4 Kommunikasjon	12
2.3 Teoriar om identitet	13
2.3.1 Sosial identitetsteori	13
2.3.2 Identitetsprosessteori	14
2.3.3 Sosiale representasjonar innlemma i personlege representasjonar	16
3 Metode	18
3.1 Kvalitativ metode	18
3.2 Innsamling av data	18
3.3 Ethiske vurderingar	19
3.4 Tematisk analyse	19
4 Resultat	23
4.1 Kommunikasjon og sosiale representasjonar	23
4.1.1 Samandrag av tekstane	23
4.1.2 Forankring og objektivisering	25
4.1.3 Kommunikasjon omkring flink pike-syndromet	26
4.1.4 Personlege representasjonar	31
5 Diskusjon	37
5.1 Ny vitskap og samfunnsending	37
5.2 Ein bekymra ungdomskultur	37
5.1.2 Utdanning – vegen til fridom	38
5.1.3 Individualisering	40
5.1.4 Kan psykologien ha skulda?	43

5.1.5 Er dei unge jentene egentleg sinte?	45
5.1.6 Post-feministiske lidingar	47
6 Avsluttande tankar	49
Litteraturliste.....	52
Empirisk litteraturliste	58

1 Innleiing

I følge eit kjent norsk ordtak, og Rolf Blakar (2006), har kjært barn mange namn. Blakar hevdar at ein avsendar kommuniserer ulike haldningar og framhevar ulike aspekt eller eigenskapar ved ”det kjære barnet”, alt etter kva namn ein nyttar. Gjennom val mellom potensielle uttrykksformer kan språket delvis definere og skape heile kulturar si haldning til det aktuelle fenomenet.

Ei ung jente skriv i Si;D, Aftenposten (2011) si spalte for ungdom, om eit ”flink pike-syndrom”. ”Det er en sykdom å ville være perfekt”, seier ho - ein lid av ønske om å skulle oppnå perfeksjon. Ho skildrar eit press der gode karakterar, idrett og eit rikt sosialt liv er viktig. I tillegg til dette vil ho tene pengar og hjelpe til heime. Dette fører til sjukdom, kan ho fortelle oss. Ein får depresjonar, hovudverk og konstant dårleg skuldkjensle. ”Det er som et stearinlys, et lys som brenner og brenner, men til slutt er det ikke mer stearin og lyset er utbrent”, seier ho vidare.

Ein privatpraktiserande psykologklinikk, Helplink (2015) kan gje oss meir informasjon om dette syndromet på sine nettsider. Vi kan lese at flink pike-syndrom er overdriven pliktoppfyllande åtferd, mykje strev for å framstå som kompetent, flink eller til og med best. Ein har vanskeleg for å akseptere at ein ikkje kan få til alt. Dette gjev ein travel kvardag der ein forsøker å rekke alt, gjere alle fornøgde, og ein er derfor overdriven hjelpsam mot andre. Desse kjenneteikna kan i følge Helplink føre til:

Problemer med å håndtere nederlag og skuffelse på en sunn måte. Ender opp med å kritisere seg selv og miste selvtillit når ting ikke går som planlagt. Ofte rammet av dårlig samvittighet. Symptomer som uro, rastløshet, bekymring, grubling, energimangel, skam, misnøye med seg selv og lav selvtillit. Mange ganger kan flink pike-syndrom forårsake andre psykiske plager som angst, depresjon, utbrenthet og arbeidsnarkomani.

Men dette gjeld ikkje berre unge jenter, kan vi lese i Aftenposten (2014). Ein ser også dette i arbeidslivet, i følge psykolog Arnstein Mykletun (2014). Han snakkar om ei trippelbelastning blant kvinner – det er ikkje berre jobb og heim lenger, det er jobb, heim og

trening/kropp/helse/perfeksjonisme. Han omtalar det som ein X-faktor, noko som rammar kvinner, men ikkje menn. Han seier at det kan sjå ut som eit ”flink pike-syndrom”.

1.1 Problemstilling

Det kan sjå ut som vi har fått eit nytt omgrep: Fyrste gong brukt i nyhendearkivet Atekst i 1992, neste gong i 1999 – og aukande bruk etter dette. I tillegg til å vere eit nytt omgrep, ser det også ut til å vere eit kjønna omgrep. Det er to grunnar til å ”finne opp” nye namn, ord og uttrykk (Blakar, 2006). For det fyrste dukkar det opp nye fenomen som treng nye namn, for det andre kan det vere grunn til å skifte namn på eit allereie eksisterande fenomen.

Fleire søk i Atekst (papiraviser før 01.01.2015) gjev dette funnet:

Søk	Tal på artiklar
”flink* pike* syndrom*”	301
”flink* gut* syndrom*”	11
”flink* gut*”	3702
”flink* pike*”	2044
”flink* jente*”	2683

Flink pike-syndrom er klart hyppigare brukt enn flink gut(t)-syndrom. Vi ser også at flink jente/pike omgrepet til saman er brukt meir enn flink gut(t), men det siste er meir brukt enn dei to fyrste kvar for seg. Det å vere ein flink gut(t) er altså ikkje eit ukjent omgrep for oss – likevel blir ikkje uttrykket brukt saman med syndrom, slik ein ser hos flink pike. Det er også verdt å legge merke til (sidan denne oppgåva er skrive på nynorsk) at pike ikkje er eit ord i nynorsk ordbok, men at ein likevel finn omgrepet ”flink pike-syndrom” att i nynorske tekstar.

Om ein interesserer seg for problem som har med menneske og deira situasjon å gjere, vil ein før eller seinare kome bort i problem som er knytt til språk og kommunikasjon (Blakar, 2006). Dette, seier Blakar vidare, er ikkje rart. Det er gjennom kommunikasjon – helst språkleg – at vi uttrykker oss og kjem i kontakt med andre. Sosiale representasjonar kan vere eit produkt av vår kommunikasjon (Moscovici, 2008; Jodelet & Duveen, 1991) og, i følgje både Duveen (2000) og Moscovici og Marková (1998), er det rett og slett ikkje mogleg for oss å kommunisere utan sosiale representasjonar. Kvar samhandling, om det er mellom

individ eller grupper, krev delte representasjonar som gjer det mogleg for oss å namngje og klassifisere ulike aspekt av vår sosiale verkelegheit. Det er gjennom desse felles delte og kollektivt utarbeida sosiale representasjonane vi kan forstå verda og kommunisere med andre (Deaux & Philogène, 2001). Vår identitet, måten vi ser kvarandre på og representerer oss sjølve, er med på å forme korleis vi kommuniserer, kva vi snakkar om, korleis vi snakkar *med* andre og korleis vi snakkar eller kommuniserer *om* andre (Howarth, 2011).

Sosiale representasjonar kan sette spørsmålsteikn ved vår eigen identitet. Vi stridest om dei fordi dei rett og slett er så viktige – og kampene om sosiale representasjonar gjev konsekvensar. Dei definerer kva som er ”normalt”, kven som høyrer til – og derfor, kven som er ekskludert (Hall, 1997). Dette gjer at identitet, representasjon, kultur og ulikheiter er viktige tema i sosialpsykologien – og omhandlar dermed også kommunikasjon (Howarth, 2011). Vi tek til oss og forstår verkelegheita – vi konseptualiserer. Vi lever i ei ”språkverd”. Eit ord si tyding kan ofte tre fram som noko vi er allment einige om og som dermed er udiskutabelt, seier Blakar (2006). Men om vi ser forskjellig bruk av omgrepet, kan dette gje oss innblikk i ulike forståingar av kva eit ord faktisk inneber – og kanskje til og med dei implisitte verdiane som ligg i samfunnet sin ideologi, seier han vidare.

Sosiale representasjonar spreier seg i samfunnet som ringar etter ein stein kasta i vatnet (Bauer & Gaskell, 1999). Dei blir sett på som sosiale fordi dei spring ut frå samhandling. Slik vert representasjonane delte av fleire individ, dei viser til sosiale fenomen og får si form gjennom sosiale uttrykk. Dei fungerer som sosiale funksjonar for samfunn og grupper som er med på å utvikle representasjonane (Breakwell, 2001). På denne måten, som nokre steinar skapar større ringverknader i vatnet enn andre, spreier idear seg og blir ulikt motteke blant grupper i samfunnet.

Denne oppgåva skal ved hjelp av tematisk analyse utforske flink pike-syndromet sett i lys av sosial representasjonsteori (Moscovici, 1973; 2000; 2001; 2008) og identitetsprosessteori (Breakwell 1993; 2001; 2010; 2015), knytt saman med sosial identitetsteori (Tajfel, 1978), gjennom lesarinnlegg skrive til Aftenposten si debattside for unge: Si;D og Ung Debatt.

Eg har ein hypotese om at flink pike-syndrom vert brukt som ein meistringstrategi for å kunne oppretthalde ein identitet som flink pike. Når presset vert for stort, og det ikkje er mogleg å leve opp til forventningane til identiteten flink pike, kan ein nytte seg av ”flink

pike-syndromet” for å oppretthalde identiteten i staden for at ein må endre den, som vil gje større motstand.

Ved å sjå på tekstane i lys av sosial representasjonsteori og identitetsprosessteori, ønskjer eg å nytte meg av dei personlege representasjonane (Breakwell, 2001: 2015) som kjem fram i tekstane, for å undersøkje identitet og sosiale representasjonar nærare. Med utgangspunkt i min hypotese vil eg undersøkje korleis dei unge jentene, som det ser ut til at dette nye fenomenet er tufta på, kommuniserer om flinke piker – og flink pike-syndromet. Er der ein relasjon mellom identiteten til dei ulike unge jentene og utviklinga av representasjonane rundt flink pike-syndromet? Korleis kan dynamikken til dei flinke pikene sin identitet påverke utviklinga av dei sosiale representasjonane til flink pike-syndrom – og korleis kan dei sosiale representasjonane til flink pike-syndrom påverke skaping og oppretthalding av identitet deira?

2 Teori

2.1 Identitet og sosiale representasjonar

Konsepta ”identitet” og ”representasjon” har ei lang historie både i den verdslege tankegangen – og i den filosofiske. Dei har begge halde på nokre stabile karakteristikkar, men har også endra seg. Spørsmål som: ”kven er eg?”, ”kven er vi” og ”kven er dei” i tillegg til ”kva veit vi om verda og korleis vi representerer den?” har i alle år vore interessante for menneske (Markova, 2007).

Teoriane om sosial identitet (Tajhel, 1978) og sosiale representasjonar (Moscovici, 2008) er blant dei store teoriane som har påverka generasjonar av sosialpsykologar sidan 60-talet. Begge teoriane er opptekne av korleis vi kan forstå sosiale fenomen som er med på å endre vårt moderne samfunn, og dei har begge vore med på å aktualisere studiar av samhandling og avhengigheit mellom grupper, individ og institusjonar – ikkje berre ut frå kva som skjer i vår eiga kontemporære samtid, men også ut frå felles minne og framtidige visjonar (Markova, 2007).

Det er derfor ikkje overraskande at forskarar har interessert seg for å finne band som knyter desse to teoriane saman. Breakwell (2001) kallar dette fokuset, om teoriane sin relasjon, ”eit fundamentalt spørsmål”. Vi kan få eit inntrykk av at dei to teoriane definerer kvarandre (Wagner & Hayes, 2005), at representasjon og identitet alltid er i ei gjensidig utveksling (Duveen, 2001; Breakwell, 2001).

Marková (2007) skriv at utsegner som ”identitet er ein representasjon”, ”det er eit utvekslande forhold mellom sosial representasjon og identitet” eller ”identitetsrepresentasjon”, i tillegg til sitat som Sartre sitt: ”representation precedes identities” viser til både sosial representasjonsteori og sosial identitetsteori. Eit slikt spørsmål kan føre vidare til tanken om kven som kom fyrst av teoriane, eller som Sartre seier: at representasjonane går forut for identitet. Marková (2007) seier vidare at eit slikt spørsmål ikkje vil vere av interesse, med mindre dette er noko forskaren vil ha nytte av ut frå sitt forskingsspørsmål og dermed ønskjer å undersøke vidare. Eit slikt spørsmål vil sette prioritet av det eine fenomenet over det andre. I følgje Duveen (2001) er barn objektet til sosiale representasjonar av andre menneske. Vi vert frå dag éin konstruert i nokon andre sitt bilete,

seier han. Foreldre nyttar seg av allereie eksisterande sosiale representasjonar frå fødselen av (og tidlegare enn det) rundt for eksempel barnet sitt kjønn. Men det er ikkje berre sosiale representasjonar vi vert tidleg påverka av. Vi vert også fødte inn i eit samfunn bestående av allereie sette sosiale kategoriar (Marková, 2007). Slik sett vil det vere vanskeleg å snakke om kva som kom fyrst på eit individnivå.

Menneske samlar seg – ikkje berre for å vere saman – dei dannar også ei sosial gruppe (Lewin, 1948) der ein innad fungerer i samsvar med gruppa sine normer, augemed og mål (Sammut, Andreouli, Gaskell & Valsiner, 2015). Ofte er det slik at vi har mange felles representasjonar med gruppa som vi høyrer til (Breakwell, 1993). Dei blir danna i kommunikasjonen med andre, men ein vil likevel ha ei eiga oppleving av sine eigne representasjonar. Vi søker grupper som ofte liknar oss sjølv, som vi har eit positiv bilete av. Lewin (1948) snakkar om ”felles skjebne”. Her kan vi kjenne oss igjen, og vi kan få bekrefta vår eiga tru om både verda og oss sjølv. Vi kan ikkje forstå korleis individuelle identitetar vert til (konstruert) og oppretthaldne, utan å forstå korleis sosiale representasjonar fungerer (Breakwell, 2015). Identitet er fyrst og fremst ein måte å forstå verda på, ein måte å organisere mening som gjev ei forståing av stabilitet til eit menneske (Duveen, 2001). Sosiale representasjonar spelar ei viktig rolle i oppbygging av identitet (Howarth, 2002) og ei grunnleggande rolle i skaping og oppretthalding av identiteten (Breakwell, 2015).

Sosiale grupper skapar forskjellig mening etter korleis dei fastset eit stabilt syn på verda – og deira plass i den.”Identity, is not something, like a particular attitude or belief, it is the force or power which attaches a person or a group to an attitude, or a belief, in a word, to a representation” (Duveen, 2001, s. 268). Det er eit nært forhold mellom stabilitet og identitet som ei funksjonell side til sosiale representasjonar.

For å kunne finne eit svar på spørsmåla eg stiller i denne oppgåva, seier Breakwell (2001), som tidlegare nemnt, at det vil vere nødvendig å utforske dei *personlege representasjonane*. Ein personleg representasjon vert brukt for å vise korleis ein sosial representasjon kjem til uttrykk på nivået til eit individ. Sosiale representasjonar er sosiale fordi dei vert til i sosial samhandling, dei vert delt av fleire individ og refererer til sosiale fenomen. Dei kjem til uttrykk og har ein sosial funksjon for samfunn og gruppa som er med å utvikle representasjonane (Breakwell, 2001). Sosiale representasjonar eksisterer, uavhengig av sitt nærvær i ein person sin kognisjon. Men, sjølv om sosiale representasjonar ikkje eksklusivt er

avhengig av å vere til stades i nokon sine tankar, kjensler eller handlingar – kjem dei likevel til uttrykk gjennom individet sin kognisjon, kjensler og handling. På dette grunnlaget kan ein snakke om at det eksisterer personlege representasjonar.

Det finst fleire teoriar om sosial identitet og mange forgreiningar av sosial representasjonsteori. I følgje Marková (2007) må vi finne ein teori, ofte i ein snever forstand, som passar oss og spørsmålet vi skal undersøkje - og halde oss til denne. Eg har i denne oppgåva valt å bruke Breakwell (2010; 2015) sitt utgangspunkt i prosessidentitetsteori og Moscovici (1973; 2000; 2001; 2008) sitt utgangspunkt for sosial representasjonsteori. Oppgåva vil slik sett ikkje gi eit fullverdig bilde av teoriane, særleg ikkje sosial representasjonsteori.

2.2 Sosial representasjonsteori

2.2.1 Kva er sosiale representasjonar?

Sosiale representasjonar er eit system av kunnskap; eit sosialpsykologisk rammeverk av omgrep og idear for å studere psykososiale fenomen i det moderne samfunn (Wagner et al., 1999). Sosial representasjonsteori har blitt kalla ei ny rørsle for studie av sosiale fenomen i kontekst (Branco & Valsiner, 1997).

Vi lever i ei verd kor vi stadig blir presentert for ny informasjon. Noko av dette kan vi forstå, medan andre ting er meir abstrakt og uforståeleg - vi klarer ikkje å gripe det. Vi nyttar oss av sosiale representasjonar for å kunne forstå noko som er vanskeleg for oss i kvardagen, eit verktøy til å handtere det abstrakte. Eit slikt spørsmål kan vere: Kvifor vert eg sjuk av å vere flink? Svar på slike spørsmål kan vi finne ved å sjå på emne og tema som vert diskutert i det offentlege rom. Sosiale representasjonar er former av felles forståing som menneske kan støtte seg på, for å gjere greie for verda rundt og til å hjelpe oss å handle på måtar som er meningsfulle for oss (Sammut et al., 2015). Representasjonar er preskriptive – dei trengjer seg på oss og gjev uunngåelege føringar for korleis vi oppfattar verkelegheita (Wagner et al., 1999). Ved at vi stolar på kunnskapen delt og bytta rundt oss, og særleg stolar på kunnskap som er delt i grupper der vi sjølve er involverte, er det på denne måten mogleg for oss å oppnå ei felles sosial verkelegheit.

Sosiale representasjonar plasserer objekt, hendingar og personar i ein kjent kontekst slik at det blir forståelig – dei *konvensjonaliserer*. I tillegg legg dei sosiale representasjonane til rette for ein enklare og meir forståelig sosial interaksjon (Sammut & Howarth, 2014). Dei sosiale representasjonane forenkler og gjer sjølv det meir uforståelege, forståeleg. Det ukjente blir gjort kjent, som Mocovici (2000, s. 37) skriv: ”the purpose of all representations is to make something unfamiliar, or unfamiliar itself, familiar”. Ved å skape sosiale representasjonar av abstrakte idear eller vanskelege vitskapelege konsept, kan vi relatere oss til dei. Vi kan kommunisere rundt konseptet, vi kan få ei kjensle av at vi forstår det, vi kan til og med handle ut frå det – og grunnje våre handlingar i sosiale representasjonar.

Eit eksempel på dette kan vi sjå i studien av representasjonar etter AIDS-epidemien på 80-talet. Frå byrjinga av vart dette sett på som noko som berre ramma homofile – ein homofil pest (Washer, 2010). Ein slik metafor vart grunna i kristen tru og idear om at homofili var ei synd. Ved å utføre slike umoralske handlingar, dette frå det kristne synet, var dette noko dei homofile påførte seg sjølv. Forklaringa på sjukdom som straff gav også meining til noko som var uforklarleg. Dette gjorde at ein kunne oppretthalde sitt eige syn på verda ved å gjere ei anna gruppe om til sydebukk (Eicher & Bangerter, 2015). Ei slik forklaring vil vere nyttig for religiøse grupper, slik at det er mogleg å framleis støtte seg på si tru og sine gitte retningslinjer og kjenne seg mindre sårbar i forhold til sjukdomen. Om sjukdomen er straff, vil straffa berre ramme syndarar – ikkje moralske menneske (Eicher & Bangerter, 2015).

2.2.2 Opphavet til sosial representasjonsteori

Det mest kjente studiet av sosiale representasjonar vart utført av grunnleggjaren til sosial representasjonsteori Serge Moscovici (2008), utgitt på fransk allereie i 1961. Han undersøkte mottakinga av psykoanalysen sine idear i Frankrike. Dette studiet gav eit rammeverk av konsept og metodar som kan bli brukt til å forstå korleis nye område med kunnskap blir teke i mot i samfunnet. Studien skildrar korleis tre ulike segment av det franske samfunn på 50-tallet responderte på utfordringane av psykoanalytiske idear. I dei ulike sosiale miljøa kunne ein sjå at forma og innhaldet av kommunikasjon varierte og førte til ulike representasjonar av psykoanalysen.

Moscovici (2008) noterte seg ulike representasjonar som sirkulerte i samfunnet i den offentlige sfære om psykoanalysen i Frankrike. Han skilte mellom *hegemoniske*

representasjonar som kan likne ein kollektiv representasjon i at den vert delt av ei større strukturert gruppe; *emansiperte* representasjonar, som ein kan kjenne att i undergrupper der ein skapar sin eigen versjon av verkelegheita; og til slutt, *polemiske* representasjonar som kjem fram ved ueinighet.

Sosiale representasjonar byggjer på Durkheim sitt omgrep om kollektive representasjonar, eit stabilt konsept delt av menneske i eit samfunn (Moscovici, 2001). Durkheim gjorde eit skilje mellom individuelle representasjonar og kollektive representasjonar. Moscovici derimot, såg representasjonar som noko meir dynamisk – ikkje berre som kollektivt delte objekt, men at representasjonane også påverka, og vart påverka sjølv av sosial åtferd og kommunikasjon. Sosiale og kulturelle vilkår er med på å bestemme korleis ein oppfattar ting, tenkte han. Det er i den sosiale kommunikasjonen i eit samfunn, den kvardagslege diskursen, at dei tek form og som gjer at representasjonane er interaktive og dynamiske av natur – ikkje stabile slik Durkheim tenkte (Moscovici, 2001). Han la fram eit integrativt alternativ til Durkheim og brukte naturvitskapane, og spesielt kybernetikk, som inspirasjon til å ta Durkheim sitt omgrep vidare. Moscovici argumenterte for at det var meir relevant å snakke om sosiale i staden for kollektive representasjonar grunna mangfaldet av representasjonar som vi kan erfare i det offentlege rom i vår samtid. Dette viser til omgrepet *cognitive polyphasia* (Moscovici, 2008), det at fleire og moglege uforeinlege representasjonar kan eksistere saman innanfor det same offentlege rom, eller i det same individet. Dette gjer at kunnskap som både er mostridande og konkurrerande, kan eksistere saman i eitt og same samfunn, kultur og individ (Renedo & Jovchelovitch, 2007).

2.2.3 Korleis vert sosiale representasjonar danna?

Allmennkunnskap består av sosiale representasjonar (Augoustinos et al., 2006). Dei blir danna ut frå sosial kommunikasjon – og skildrar og skapar, samtidig som dei formar, vår forståing av den sosiale verda (Duveen, 2000). Sosiale representasjonar er eit ”system av verdier, idear og retningslinjer” (Moscovici, 1973, s. xiii) ”first to establish an order which will enable individuals to orient themselves in their material and social world and to master it; and secondly to enable communication.” Sosiale representasjonar gjer det mogleg for individ å orientere seg og meistre den materielle og sosiale verda og gjer kommunikasjon mogleg.

I følge (Moscovici, 2000) er det to måtar nye sosiale representasjonar oppstår: samfunnsending og ny vitskapeleg kunnskap. Av og til står vi overfor eit tomrom av meining som gjer at våre tidlegare forklaringsmodellar ikkje er nok – vi treng andre forklaringar, og nye sosiale representasjonar vert danna.

Kommunikasjon spelar ei viktig rolle i skaping og sirkulasjon av sosiale representasjonar, slik at idear til sosiale objekt og hendingar kan sirkulere offentleg og verte innlemma i sosiale representasjonar (Sammut et al., 2015). Kommunikasjon gjev retning til både skapinga av representasjonar og utviklinga av representasjonane over tid. Slike prosessar er dynamiske, dei finst berre i relasjonelle møte, og ein representasjon kan bli: ”Used for acting in the world and on others” (Jodelet & Duveen, 1991). Sosiale representasjonar blir skapte og forvandla gjennom prosessane forankring og objektivisering. Gjennom desse prosessane tar vi på oss ulike presentasjonar av sosialt betydelige objekt og tolkar dei om igjen til det vi ”allereie” veit. I denne prosessen kan dei sosiale representasjonane bli forsterka, artikulert på nytt – eller attskapte på ulike måtar (Moscovici, 2000).

Forankring (Moscovici, 2000) er ein prosess, der ein klassifiserer og lokaliserer det ukjente og framande innanfor kategoriar som allereie er kjent, ein tillegg ulike karakteristikkar til det nye objektet. Dette kan gjerast ved å plassere det nye fenomenet inn i ein allereie velkjent kategori – og at ein tilpassar fenomenet slik at det passar inn i denne kategorien (Philogéne, 2001a). Det er ei form for kulturell assimilering, kor nye representasjonar vert innlemma i eldre, meir kjente representasjonar – samtidig som dei sistnemnte vert endra av dei nye. Gradvis vert dei ukjende ideane meir og meir velkjente – og ein del av det dei kollektive referansane i eit samfunn. (Höijer, 2011). Wagner, Kronberger og Seifert (2002) seier dette er ei form for symbolsk meistring. Det inneber ei samanlikning med kjende og kulturelt tilgjengelege kategoriar som tener som prototypar eller modellar.

Det å gi namn til eit nytt og ukjent objekt er med på å forandre forma til representasjonen gjennom eitt eller fleire ord - som delte tankekonstruksjonar. Dette gjer det mogleg å klassifisere nye objekt inn i allereie eksisterande mentale system (Philogéne, 2001b). Ein kan forankre ved namn, emosjonar, metaforar m.m.

Objektivisering er prosessen som endrar abstrakt informasjon til konkret kunnskap gjennom kommunikasjon (Moscovici, 2001) Prosessen kjem ut i figurative, metaforiske eller

symbolske meiningar som blir delt - det ukjente blir gjort kjent ved å forvandle det til noko konkret vi kan oppfatte og erfare med sansane våre (Höijer, 2011). Eit nytt og abstrakt fenomen blir materialisert inn i kjende referanserammer – og vidare om til vår felles forståing. ”What is perceived replaces what is conceived”, skriv Moscovici (2000, s.51). Dette krev, seier han, meir arbeid og er ein større prosess enn forankring.

Eit ikon eller ein metafor kan bli ståande som ein karakteristikk for eit nytt fenomen (Wagner et al., 1999). Det er ein menneskeleg tendens å forenkla vanskeleg informasjon (Moscovici, 2001), og vi gjer dette ved å skape representasjonar som består av biletlege og kognitive element, omforming av den opphavlege versjonen. Val av bilete som vert knytt til representasjonen, er ikkje tilfeldig, men blir avgjort ut i frå dei allereie eksisterande system av sosiale representasjonar (Wagner et al 1999). Vi tar med både vår fortid, vår nåtid og vår framtid i representasjonen.

Desse prosessane kjem fram i studiar på representasjonar og global oppvarming (Höijer, 2010). Der kan ein sjå global oppvarming i media nytta saman med ulike emosjonelle uttrykk. Global oppvarming er noko dei fleste av oss har tankar om - kanskje resirkulerer vi søpla vår, pantar flasker, sorterer glas og køyrer kollektivt i staden for å køyre bil. Sjølv om vi ikkje forstår prinsippet bak global oppvarming, kan vi kjenne på ei kjensle om at dette er viktig for oss. Vi kan ha sett bilete av ein isbjørn på eit einsleg flytande flak, i følge Höijer (2010), den mest brukte objektiviseringa av global oppvarming. Ei slik biletgjering kan få menneske til å relatere seg til global oppvarming – vi ser for oss isbjørnen og kan kjenne på skuldkjensle for at vi er med på noko slikt. Dette er forankring gjennom frykt, skuldkjensle, nostalgi og medkjensle. I debatten rundt global oppvarming har mykje blitt forankra emosjonelt gjennom desse kjenslene. Frykt og skrekkhistorier er daglig i bruk i media (Furedi, 2006). Vi blir informert om farane: stigande sjø, landområde lagt under vatn og byar som forsvinn. Studien viser representasjonar om at klimaendringar er noko vi kan frykte, men at det finst håp om ein opptre på ein klimavennleg måte (Höijer, 2010). Slik kan vi kjenne på nytteverdi av å resirkulere. Gjennom dette eksempelet kan vi sjå at sosiale representasjonar støttar oss i både handling og identitet. ”Eg er ein person som tenkjer på miljøet – derfor resirkulerer eg”.

2.2.4 Kommunikasjon

Kommunikasjon spelar ei viktig rolle i skaping av nye sosiale representasjonar for å forstå nye ting og hendingar som kjem inn i vårt kvardagsliv (Sammut et al., 2015). Det spelar også ei viktig rolle i korleis representasjonane sirkulerer i offentlegheita. Det tidlegare nemnte studiet til Moscovici (2008) skildra tre ulike formar for kommunikasjon: *Diffusion* (spreiing) som forankra det ukjente til kjent kunnskap på det som såg ut til å vere ein nøytral måte – karakterisert gjennom kritisk (skeptisk) tenking. Den andre forma var *propagation* (forplanting) assosiering av det ukjente til spesifikke overtydingar, etablert av ein sentral autoritet (kyrkja kan vere ein slik) og den siste forma, *propaganda*, som kan bli sett som ideologisk manipulasjon av nye idear for å støtte og forsvare ei politisk interesse for ei særleg gruppe (for eksempel eit politisk parti) (Howarth, 2011).

Strategiar for kommunikasjon er også med på å skape band for tilhøyr (Duveen, 2008). Propaganda gjer det mogleg å utvikle solidariske band til kvarandre. Slike grupper delar eit politisk engasjement som er mogleg å skilje frå medlemmer av andre grupper – som ikkje har den same ideologien. Propagation gjer det mogleg å utvikle samhald. Med eit grunnlag i lik tru, gjer dei sosiale representasjonane det mogleg å markere medlemmer av utgruppa, dei som ikkje har den same oppfatninga, eller dei som har ein politisk ideologi som ikkje stemmer overeins med gruppa. Den siste forma, diffusion, mogleggjer utviklinga av sympati. Ein er frivillig assosiert med individ som står i kontrast til ei einssidig utgruppe. Ein måte desse banda for tilhøyr kjem til uttrykk er gjennom *alternative representasjonar* (Gillespie, 2008). Dei viser til den delen av sosiale representasjonar som skildrar korleis andre er, som ikkje vil høyre til ei særleg gruppe. Alternative representasjonar, som at ei utgruppe kan vere trongsynt og ignorant, kan føre til at ein avgrensar dialog med gruppa.

Sosiale representasjonar finst der kor menneske har med kvarandre å gjere. I eit mangfaldig samfunn er representasjonane med på å gi rammer til konteksten. Dei er normative – på den måten at dei er med på å sette saman eit metasystem som regulerer, kontrollerer og gjev retning til individuell tenking (Deaux & Philogène, 2001) – ei utbetring av vårt kommunikasjonssystem (Bauer & Gaskell, 1999). Eit slik metasystem påverkar oss, ofte utan at vi er medvitne om det (Deaux & Philogène, 2001) og er med på å strukturere innhaldet i vårt kommunikasjonssystem (Bauer & Gaskell, 1999). Slik spelar dei ei rolle når vi tek ei avgjersle og gjer at vi som menneske vektlegg kva andre tenkjer om ei sak – som eit

konvensjonelt middel. I tillegg er representasjonane med på å gi oss *konsensus* – vi kan samanlikne og sidestille (Deaux & Philogène, 2001). Ein slik prosess vil ikkje berre handle om korleis vi resonnerer og drar slutningar, det vil også omhandle det å forstå korleis og kvifor vi vektlegg tyngre ein viss type informasjon framfor ein annan (De Rosa, 2001).

2.3 Teoriar om identitet

Identitetsprosessteorien består av kjenneteikna til identiteten – det som gjer individet unikt. I identitetsprosessteorien går ein bort frå skiljet om sosial og personlig identitet (Breakwell, 2015). Dette har gjort at teorien har blitt kritisert for sitt syn på ei agentrolletilnærming til personar – og kritikken har gått ut på at dette ikkje inkluderer ein sosial identitet. I følge Breakwell stemmer ikkje dette: sosial identitet er ein del av den totale identiteten, og ho meiner ein inkluderer både det sosiale og det personlege. Men, det vil det vere mogleg å komplimentere identitetsprosessteori med sosial identitetsteori - i alle fall ut frå sosial identitetsteori (Tajfel, 1978) sin originale versjon, seier Breakwell (1993). Med å knyte band mellom sosial identitetsteori og identitetsprosessteori kan vi forstå betre prosessen til stabilitet og endring. Ho seier det er verdt å sjå meir på korleis individuelle identitetsprosessar forhold seg til prosessane til sosial representasjon (Breakwell, 2015). Når ein ser på identitet som eit konsept, kan det vere greitt å definere om ein tenkjer seg den totale identiteten – eller ulike delar av den. Nokre forskarar snakkar om ”multiple” identitetar. Dette gjer det vanskeleg for vidare forskning – og Breakwell (2015) foreslår ei heilheitleg tenking når ein skal sjå nærare på identitet og heller sjå på relasjonane mellom dei ulike elementa.

2.3.1 Sosial identitetsteori

Vi kategoriserer menneske etter kva slags grupper ein høyrer til, men det å høyre til ei gruppe er også med på å danne vår eiga oppleving av sosial identitet (Alcock & Sadava, 2014). Klassifisering påverkar ikkje berre vårt syn på andre, men når det blir brukt mot oss sjølve, påverkar det også vår eiga oppfatning av sjølvet. Tajfel (1978) såg på sosial kategorisering som noko automatisk. Vi set folk i ein kategori og har prototypar for kvar kategori som representerer kjensler, haldningar og åtferd til eit ”typisk” individ innan denne gruppa. Vi framhevar likskap innan kategorien og overdriv forskjellar mellom grupper, vi både assimilerer og ser etter kontrastar. Vi legg ofte merke til kor like alle medlemmane av ei gruppe vi ikkje kjenner til, er – men tenker sjeldan over at vi liknar på andre innan vår eiga

gruppe. Vi relaterer til våre egne som individ, ei referansegruppe, og har meir informasjon om kvar enkelt. Dette er også dei gruppene som påverkar oss i størst grad. Sosial identitetsteori kjem ut frå Tajfel sine teoriar om sosial kategorisering, grupperelasjon, sosial samanlikning, fordommar og stereotypisering. Ofte vert identitet delt inn i to typar: sosial identitet og personleg identitet.

Vi kategoriserer oss sjølve, på same måte som vi kategoriserer andre. Vi definerer oss sjølv ut i frå sosiale kategoriar og grupper som vi høyrer til. Tajfel (1974, s. 69) definerte sosial identitet som “that part of an individual's self-concept which derives from his knowledge of his membership of a social group (or groups) together with the emotional significance attached to that membership.” Kategorisering har to viktige funksjonar: self enhancement (føle bra om seg sjølv) og *uncertainty reduction* (å kjenne/forstå seg sjølv). Favorisering av eiga gruppe skjer fordi vår kjensle om oss sjølv aukar når vi høyrer til ei høgarestående gruppe – og som eit resultat av dette ønskjer vi at vår gruppe skal gjere det bra. Medlemmar av ei gruppe vil evaluere si eiga gruppe som positiv. Dette kan ein gjere ved å fokusere på kor fornøgd ein er med si eiga gruppe, eller ein kan samanlikne seg sosialt og sjå på andre grupper og kategoriar.

2.3.2 Identitetsprosessteori

Identitetsprosessteori er ein teori om individuell identitet (Breakwell, 2015). Den tek inn over seg eit heilheitleg perspektiv av ein person sin totale identitet. Av teorien går det fram at identitet vil omfatte element som stammar frå alle aspekta til ein person sine erfaringar – medlemskap i sosiale kategoriar, interpersonlege relasjonar, utforsking av sosiale representasjonar med meir. Teorien er eit forsøk på å skildre den komplekse dynamiske prosessen til ein person. Den inkluderer det personlege og det sosiale – det aktive og subjektive medvitne sjølv og det objektifiserte, kjende sjølv. Ei sentral kjerne i identitetsprosessteorien er at individet aktivt søker å byggje og oppretthalde ein identitet. Identitet er eit dynamisk produkt av samhandling mellom kapasiteten til hukommelse, medvitet og biologiske funksjonar for korleis ein person oppfattar, forstår og tolkar verda, med påverknad frå den sosiale og fysiske verda (sosiale representasjonar inkludert) som kontekst (Breakwell, 2015). Identitet blir sett på som konstant i utvikling – då nye erfaringar vil påverke endring. Ein kan seie at identitet oppheld seg i dei psykologiske prosessane, men kjem til uttrykk gjennom tankar, handlingar og affekt i sosiale kontekstar. I

identitetsprosessteorien blir identitet sett som samhandling mellom individet og individet sin sosiale kontekst. Ein har tenkt seg at drifta av prosessane er rettleia av *identitetsprinsipp* som angir kva som er optimal tilstand for strukturen til identiteten. Individet er klar over sin eigen status og vil søke optimalisering, gitt sine avgrensingar, som blir pålagt sosialt (Breakwell, 2015).

I følge identitetsprosessteori (Breakwell, 2015) kan vi skildre og analysere identitet på to nivå - gjennom strukturelle eigenskapar og prosessen gjennom kva det inneber å oppretthalde og byggje identiteten. Strukturen består av to dimensjonar: innhald og verdi. Innhaldsdimensjonen består av personleg (verdiar, holdningar, kognitiv stil) og sosial (gruppemedlemskap, roller, sosiale kategoriar) identitet - det som gjer individet unikt. Innhaldsdimensjonen er hierarkisk. Organisering av element blir endra ut frå signal og krav frå den sosiale kontekst. Den overordna strukturen til identitet vert regulert gjennom ein evaluering- og akkommodasjons- og assimilasjonsprosess. Nye komponentar blir tatt opp og tilpassa den eksisterande identitetsstrukturen. Utarbeidinga av prosessane er inspirert og grunnlagt i Duveen (2001) sitt arbeid innan sosiale representasjonar.

Ein trussel mot identitet trer fram når prosessane (evaluering, akkommodasjon og assimilasjon) ikkje er i stand til å etterkomme identiteten sitt forsøk på å oppretthalde sjølvtilit, kontinuitet, særpreg og sjølv effektivitet - trua på eiga meistringsevne (Breakwell, 2010; 2015). Opphavet til trusselen kan både vere intern (om ein person forsøker å endre sin posisjon ut i frå identitetsprinsippet med optimalisering) og eksternt, når det skjer endring i den sosiale kontekst (ein må tre ut av ei rolle) (Breakwell, 2015).

Ein har tenkt seg at truslar møter motvilje, individet vil forsøke å kome til den tilstanden som er samanfallande med individet sitt identitetsprinsipp. Når identitetsprosessar ikkje kan samhandle i forhold til krava frå identitetsprinsippet, vil det utløyse ein emosjonell respons (Breakwell, 2015). I byrjinga til identitetsprosessteorien såg ein på kva personar gjorde i møte med slike truslar – og ein fann måtar som var tekne i bruk for å kunne handtere endring av identitet. Men – etterkvart såg ein også at dette var noko som konstant var i bruk for å oppretthalde eigen identitet. Breakwell (2015) seier det er på tide å anerkjenne at meistringstrategiar vert teke i bruk som ein del av aktiviteten til identitetsprosessane, men at dei framleis vil arbeide ut frå krava til identitetsprinsippet. Identitetsprosessteorien fremmer at kvar einaste aktivitet, i tanke eller handling, med mål om å oppretthalde eller skape

identitetsstruktur som går overeins med identitetsprinsippet, kan verte sett på som meistringstrategiar. Ein kan finne meistringstrategiar på to nivå: *psykologisk nivå* og *interpersonleg nivå* (Breakwell, 2015).

2.3.3 Sosiale representasjonar innlemma i personlege representasjonar

Breakwell (2015) spør seg kvifor nokre delar av sosiale representasjonar vert innlemma i individet sine personlege representasjonar – og andre ikkje. Breakwell (2001 ; 2015) meiner det kan hjelpe å tenke på individet sin relasjon til sosiale representasjonar skildra gjennom ulike dimensjonar:

Merksemd/medvit

Det vil variere kor merksame individ er på ein sosial representasjon. Nokre personar vil rett og slett ikkje vere oppmerksame på at det finst ein sosial representasjon, andre vil vite om delar av representasjonar, medan nokre personar vil vere fullstendig medvitne til ein representasjon med innhald og struktur. Kor medvitne vi er til ein representasjon, er mest sannsynleg bestemt av våre tidlegare opplevingar, noko som vil vere påverka av medlemskap vi har i ulike grupper og samfunn. Målet til dei sosiale representasjonane spelar også ei rolle.

Forståing

Det vil vere ulik grad av kor mykje eit individ forstår av ein sosial representasjon ein er medviten om. Vi kan sjå at individ er i stand til å gjengi sosiale representasjonar, sjølv om dei ikkje kan forklare kvifor og korleis dei ulike delane passar saman.

Aksept

Eit individ vil ulikt tru på eller akseptere ein sosial representasjon - sjølv om ein er den medviten. Ein kan velje å ha eit syn som er annleis det dei fleste andre vel å tru på. Ein person kan vite, ikkje berre motstridande sosiale representasjonar av same mål, men også identifisere ulike representasjonar som er deira eigne. Slike personlege representasjonar kan vere unike i detaljane og kan dele mange av dei felles eigenskapane av sosiale representasjonar, men dei har blitt personlege med hensikt. I den grad personlege representasjonar liknar sosiale representasjonar – reflekterer dei også kva slags nivå av den sosiale representasjonen som er akseptert. Viktigheita av å gjere representasjonar personlege, slik at dei ser individuelle ut, må ikkje ignoreras.

Assimilasjon

Individet aksepterer ikkje, uansett nivå av aksept, sosiale representasjonar på ein tilfeldig og einseitig måte. Vi assimilerer den sosiale representasjonen til allereie eksisterande system av sosiale representasjonar. Dette grunnlaget av allereie eksisterande personleg representasjonar vil variere mellom individ, og den endelege forma til nye personlege representasjonar vil verte påverka av ulikheiter blant individ. Akkurat slik som sosiale prosessar er med på å sikre at nye sosiale representasjonar blir forankra i tidlegare sosiale representasjonar, er kognitive og emosjonelle prosessar med på å forankre nye personlege representasjonar til tidlegare personlege representasjonar, på eit individuelt nivå.

Verdien av sosiale representasjonar

Kor framtrekande eller viktig ein sosial representasjon er, vil variere mellom personar - også for den same personen i tid og kontekst. Viktigheita av sosiale representasjonar, kan for eksempel auke om gruppa og samfunnet, som skapar representasjonen, er viktige for individet. Viktigheita kan også auke om dei sosiale representasjonane er relevante for eit individ sin aktivitet. På eit samfunnsnivå, om målet for den sosiale representasjonen ikkje er viktig, vil det vere vanskeleg å bringe fram den sosiale representasjonen. Den vil vere oppdelt og ikkje samsvare med andre oppfatningar i samfunnet sitt trussystem.

Det er verdt å legge merke til, seier Breakwell (2001: 2015) at nokre dimensjonar som er med på å skape personlege representasjonar, ikkje er viljestyrte (medvit og forståing), medan andre er viljestyrte (for eksempel aksept). Men skiljet kan bli sett på som vilkårleg.

3 Metode

3.1 Kvalitativ metode

Kvalitative metodar er ein forskingsstrategi som eignar seg til skildring og analyse av eit fenomen som skal studerast. I kvalitative studiar er ein oppteken av å undersøkje eit mindre utval gjennom fortolkande metodar – ein ønskjer å sjå nærare på eit fenomen sin karakter eller eigenskap. Ein kan fange opp meining og oppleving som ikkje lar seg talfeste, eller måle (Brinkmann & Tangaard, 2010).

Det har ikkje tidlegare vore publisert forskingsartiklar spesifikt om fenomenet flink pike-syndrom. Det finst artiklar som tar for seg depresjon (Skagestad & Madsen, 2015; von Soest & Wichstrøm 2014, Garvik, Idsøe & Bru, 2013), kvinner og sjukefråver (Kostøl & Telle, 2011; Kristensen og Bjerkedal, 2009; Mykletun, Evensen, Hagen & Vaage, 2012), prestasjonssamfunnet (Hegna, Ødegård & Strandbu, 2014, Rødevand, 2015; Ashby & Rice, 2002) og representasjonar om ung kvinnelighet (Sarroma, 2011), men ikkje spesifikt flink pike-syndromet. Dette gjer fenomenet veileigna for kvalitative studiar, då denne metoden eignar seg på fenomen der det er lite forhandskunnskap (Brinkmann & Tangaard, 2010).

3.2 Innsamling av data

Empirien til oppgåva er samla inn gjennom søk i Atekst, ein database for medietekstar. Aftenposten vart valt som avis då, i tillegg til å vere Norges største avis, også har ei eiga debattside for ungdom, der eg har funne lesarinnlegg om temaet flink pike-syndrom.

Tekstane er henta frå Aftenposten si debattside for ungdom: Si;D, og den tidlegare sida til Aftenposten: Ung Debatt. Dette er personlege tekstar skrivne av ungdom, til ungdommen si eiga debattside. Mange av desse tekstane er skrivne av jenter som held seg anonyme bak eit pseudonym og ein alder. Utan at eg veit det sikkert, går eg ut frå at desse tekstane ikkje har vore redigert noko meir enn absolutt nødvendig.

Søk var gjort i Atekst på ”flink* pike* syndrom*”. Aftenposten vart valt som kjelde, i tillegg til ei avgrensing på søk før 01.01.2015. Søket gav 44 tekstar i avis – og 17 tekstar på nett. Det var ikkje mogleg å avgrense søket til Si;D eller Ung Debatt. Eg vart dermed nøydd til å gå

gjennom kvar tekst for å sjå kor i avisa teksten hadde vore publisert. Éin tekst frå Si;D var både publisert på Aftenposten sine nettsider og avisformatet. Eg valde då å nytte meg av avisteksten. Dermed var det ingen tekstar frå nett som var frå Ung Debatt eller Si;D som omhandla flink pike-syndromet i utvalet. Til saman sat eg att med 14 tekstar frå papiravisa. To av tekstane var med fullt fornamn og etternamn, skrivne av praktikantar i Aftenposten. Desse valde eg å ta bort. Eine teksten var med fornamn og alder – denne valde eg også å ta bort. Eg står då att med 11 tekstar, der alle skribentane er anonyme.

3.3 Etiske vurderingar

I følge Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (2014) kan forskarar i hovudregel fritt nytte seg av materiale frå opne forum utan å innhente samtykke frå dei opplysingane gjeld. I mitt tilfelle har eg berre brukt anonyme tekstar, men nokre av forfattarane kan ha fortalt venner og familie at dei har fått eit lesarinnlegg på trykk. Sjølv om jentene som skriv er klar over at lesarinnlegget vert publisert til heile Norge, er det ikkje sikkert dei har tenkt over at dette gjer det mogleg for andre å nytte dei i forskingssamanheng.

Mitt utgangspunkt for denne oppgåva har vore å forstå flink pike-syndromet betre. Eg kjenner ein motvilje mot at vi som framtidige psykologar, i tillegg til dagens psykologar, nyttar oss av eit slikt omgrep som om det skulle vere ein diagnose. Vi er på denne måten med og byggjer opp under flink pike-syndromet. Med dette som utgangspunkt har eg eit ønske om å ha omsut for dei unge jentene og forsøker gjennom heile teksten å halde ein tone av respekt for forfattarane. Mange av innlegga fortel om ein sårbar situasjon, og dette ønskjer eg som forfattar av oppgåva å ta omsyn til. Denne oppgåva er ikkje ute etter å finne feil hos dei unge jentene, eller å legge skulda for syndromet over på dei. Oppgåva ønskjer heller å sjå på kvifor vi har eit slikt omgrep – og korleis kommunikasjonen kan hjelpe oss til å forstå betre kva det er som ligg til grunn i samfunnet for danninga av dette omgrepet.

3.4 Tematisk analyse

Tematisk analyse er ein prosess for å kode kvalitativ informasjon (Boyatzis, 1998). Metoden er ikkje knytt fast til noko teoretisk rammeverk og kan derfor brukast ved ulike epistemologiske og teoretiske tilnærmingar (Joffe, 2012). I følge Joffe (2012) er tematisk analyse velegna saman med sosial representasjonsteori. Dette grunnjev ho vidare med at eit sentralt trekk ved sosial representasjonsteori er at det fokuserer på innhaldet i menneske sine

tankar og kjensler angående spørsmålet som blir studert, utan referanse til ”verkelegheita” av spørsmålet. Sosial representasjonsteori kan også i kombinasjon med tematisk analyse gje innsikt i symbolsk meining (Joffe, 2012). I staden for å sjå grupper ut frå normative kodar som stammar frå eins eigne sosiale grupper, kan studiar som tar ei tilnærming gjennom sosiale representasjonar gje innsikt i kunnskapssystem som kan forklare ulike menneskelege retningslinjer (Sammut et al, 2015).

Tematisk analyse er ein metode for å identifisere, analysere og rapportere mønster (også kalla tema) innan data (Boyatzis, 1998; Braun & Clarke, 2006). Informasjon blir koda ut frå råmaterialet – og tema er mønster ein finn i informasjonen. Desse skal som eit minimum skildre og organisere moglege observasjonar – eller på det høgaste nivå, fortolke aspektet av fenomenet (Boyatzis, 1998). Tematisk analyse er ein avgrensa og tidlegare lite anerkjent metode innan psykologien (Boyatzis, 1998; Braun & Clarke 2006) – sjølv om den svært ofte blir nytta i psykologisk forskning. Joffe (2012) skriv derimot at dette har blitt ein anerkjent metode i ettertid grunna arbeidet til Boyatzis (1998) og Braun & Clarke (2006). Metoden eignar seg godt til studentar som ikkje har mykje kjennskap om kvalitative studiar på førehand. Braun & Clarke (2006) argumenterer for tematisk analyse som ein grunnleggjande metode innan kvalitative studiar. Tematiske analysar er fleksible, og kan gjennom sin fridom frå teori gi rike, detaljerte og komplekse data.

Eg har nytta meg av Braun og Clarke (2006) sin modell med seks ulike fasar for tematisk analyse. Dei ulike fasane består av å: gjere seg kjend med data, generere innleiande kodar, søkje etter tema, evaluere tema, definere tema og produsere eit ferdig skriftleg arbeid. Dei trekkjer fram at dette ikkje er ein lineær prosess, der ein vert ferdig med eitt og eitt av stadia, men at analysearbeidet fungerer slik at ein stadig går tilbake for å sjå nærare på materialet og tolkar det frå perspektiv som trer tydelegare fram etterkvart som analysen tek form. Dei legg vekt på at forskaren sitt teoretiske rammeverk er med på å påverke forskingsprosessen på dei ulike stadia, frå formulering av problemstilling, til val av metode og kjelder til kva slags tilnærming ein tek til data i dei ulike fasane av analysen. Måten dette vert formidla på, kva slags funn ein har - vert også påverka av dette rammeverket. Eg har i denne oppgåva vore ute etter personlege representasjonar som kan gje meg innblikk i dynamikken mellom identitet og sosiale representasjonar. Og, sjølv om eg på førehand har tenkt meg at det kjem til å omhandle kjønn, prestasjon, perfektjon og symptom – kan eg ikkje sjå bort i frå at det eksisterer representasjonar som eg ikkje er klar over. Dette har gjort at eg har teke ei induktiv

tilnærming til råmaterialet i byrjinga, for å få ein oversikt og etterpå teke ein deduktiv tilgang til kodar og tema eg har funne. Eg identifiserte kategoriar ut frå mønster i teksten, noko som Braun & Clarke skildrar som datadriven koding – for så å nytte meg av teorien og setje omgrep på det eg fann.

Eg har hatt ei semantisk tilnærming til datamaterialet ved å ta ut direkte sitat frå jentene sine tekstar og kode desse i ulike kategoriar. Fortolkingsprosessen har blitt ein del av analysen i samanheng mellom mønster og datamaterialet – og i dialog med litteratur (Braun & Clarke, 2006). Eg har altså ikkje forsøkt i analysesdelen å fortolke noko meir enn det jentene faktisk seier – altså på face value, men har fått meir informasjon gjennom teori.

Etter å ha samla datamaterialet, las eg fleire gongar gjennom utvalet for å få ein oversikt. Eg fokuserte fyrst og fremst på teori i byrjinga, men hadde tekstane i bakhovudet, slik at eg kunne notere meg kva som var relevant av teori i forhold til utvalet etterkvart som eg kom over det. Tekstane vart ikkje transkribert, då dei gjev direkte tilgang til kva jentene har å formidle i den forma dei er i utgangspunktet. Eg hadde elleve tekstar frå ulike jenter i utvalet og valde å kalle kvar tekst ”jente” med eit nummer, der 1 var den eldste teksten og 11 den nyaste teksten. Så oppretta eg eit Excel-dokument og lagde elleve Excel-ark i eit dokument. Desse vart nummerert frå 1 til 11 med utgangspunkt i namnet eg sette på kvar tekst. Deretter las eg ein og ein tekst og noterte meg ulike utsegner frå jentene. Fyrste gongen noterte eg meg 14 ulike kodar – etterkvart som eg las, samla eg dei ulike kodane som hadde likskapstrekk i større kategoriar.

Eg sat til slutt att med fire tema som inneheldt dei originale kodane: diagnose, kjønn og sjølvoptimalisering, syndromet si ibuande kraft. Deretter såg eg på kommunikasjon og sosiale representasjonar ut frå tema eg hadde funne – kva slags sosiale representasjonar som var til stades i dei ulike tema.

Med utgangspunkt i at form og innhald av kommunikasjon varierer i ulike segment, såg eg nærare på kommunikasjonen. Eg stilte meg desse spørsmåla:

Korleis identifiserer dei unge jentene seg?

Korleis kommuniserer jentene?

Kven kommuniserer jentene med?

Kva er formålet med kommunikasjonen?

Korleis heng kommunikasjonen saman med dei ulike personlege representasjonane - og omvendt?

All informasjon vart samla og gjort klart til ein resultatdel. Samanhengen med gruppetilhøyr og forma det vart kommuniserert på, gjorde det naturleg at kommunikasjon kom først i resultatdelen – for så å gje ei oversikt over dei sosiale representasjonane i ulike tema. Eg har heile vegen brukt sitat frå dei unge jentene for å vise til kommunikasjon eller sosiale representasjonar. Det fall også naturleg å gje eit samandrag av kvar tekst, slik at det er mogleg for lesaren å få ei oversikt over kvar enkelt tekst – i tillegg til at dette vil gjere lesing av resultat enklare.

4 Resultat

4.1 Kommunikasjon og sosiale representasjonar

4.1.1 Samandrag av tekstane

Jente 1: Vi får skildra ei jente med ein personlegdom som gjer at ho er flink og ikkje berre kan slutte med dette. Ho ynskjer seg gode karakterar, vere god i idrett, jobbe, tene pengar og å vere sosial. Dette gjev ho kronisk hovudverk, vond rygg, hjertebank og stressrelatert magesår. Ho tenker ungdom burde få tilbod om stressmeistringskurs då ho ikkje har noko aning om korleis ho skal slappe av.

Jente 2: Ser på seg sjølv om ei normal jente, flink på skulen, har venner og driv med fritidsaktivitetar, men klarar ikkje å seie nei. ”Jeg har et såkalt ”Flink pike-syndrom,” skriv ho. Ho er stadig utslitt og orkar ikkje mykje. Ho ynskjer å seie til andre som har det liknande der ute at ein ikkje treng å vere perfekt. Det går an å seie nei.

Jente 3: Skildrar at det er ein sjukdom å ville vere perfekt, ein lid av ynske om å vere perfekt. Ein må søke hjelp når ein merkar at ein slit seg ut. Flink pike-syndromet fører til at ein vert sjuk, får depresjonar, hovudverk og ei konstant skuldkjensle. Ein må lære å slappe av. Ho skriv at ein bør få tilbod om yoga og stressmeistringskurs. Ho skriv til alle dei som lid av dette, ho har sympati og ønskjer å hjelpe.

Jente 4: Er ei jente som sjølv har kjent på nokre av desse problema og skriv til ein utslitt 15-åring. (Lesarinnlegg i Si;D, men ikkje med i dette utvalet). Ho har hatt det på liknande måte. Ho har slutta i den offentlege skulen og valt å gjere det ho har mest lyst til. Dette gjer at ho i dag har venner, overskot og glede.

Jente 5: Skildrar livet i ein skilsmissegfamilie med ein far som tar avstand og ei syster med bipolar lidning og angst. Det som tidlegare har vore bra: at ho har gjort det bra på skulen, hatt gode karakterar, oppført seg bra og hatt orden, er no blitt eit problem. Ho veit ikkje korleis ho skal prøve å vere ei flink pike i ein dysfunksjonell familie. Ho bryr seg ikkje lenger.

Jente 6: Jobbar meir enn ho orkar, men klarer ikkje fortelje sin arbeidsgjevar at ho slit psykisk. Ho er glad for at det er legar og psykologar som set diagnosar om sjukdomar, ikkje samfunnet, og ønskjer sjølv ein dag å studere medisn eller psykologi. No går ho siste året på vidaregåande og forsøker å få gode karakterar for å kome inn på eit av desse studia. Ho spør kva ho skal gjere. Stresset har gjort ho utbrent.

Jente 7: Underskriv med flink pike 35, og innlegget er eit svar til jente 5. Ho var tidlegare den flinke jenta i ein dysfunksjonell familie. Fleire år gjekk ho i ein skoddeliknande tilstand, men til slutt vart ho flink til å velje positive og gode menneske rundt seg. No har ho ein god jobb, mann og barn. Ho skriv at om jente 5 kan vere sann mot seg sjølv, ta gode val – så ligg der ei fantastisk framtid open for ho.

Jente 8: Har, heilt sidan barneskulen av, hatt problem med å seie nei, sette grenser og har jobba for hardt. Ho har vore innlagt på sjukhus grunna dette og sjølv legane forsto ikkje kva det var som var gale før ho begynte på ungdomsskulen: nemleg flink pike-syndrom. Ho har vakse og lært, blitt flinkare til å sette egne grenser.

Jente 9: Skriv om media si dekning av jenter som stressar seg sjuke og fell som fluger, og korleis det at ho er skuleflink, gjev andre moglegheita til å definere ho ut frå ein snever kategori. Ho blir åtvare mot å ikkje vere så flink, at ho har eit sjukeleg forhold til skulen.

Jente 10: Skriv eit brev til flink pike-syndromet. Ho lurar på kvifor det har innhenta ho nok ein gong. Kvifor skal det ha henne til å gjere så mykje: vere flink på skulen, trene, jobbe, ta vare på familien og vere sosial. Det er for mykje å krevje. Ho spør flink pike-syndromet om det ikkje berre kan la ho vere. Ho har det så mykje betre utan at det er til stades.

Jente 11: Er ei 20 år gamal jente frå ein flink familie som ho skildrar som ”på papiret rene glansbildet.” Foreldra er bekymra for at ho, som er flink og aktiv, skal slite seg ut og ende opp depressiv og anorektisk. Dei nemner ikkje broren som også er flink og aktiv. Ho seier at flink pike-syndromet skapar eit skeivt kjønnsbilete. Gutar kan også møte veggen. Det handlar ikkje om kjønn, skriv ho, ein må ikkje gjere det om til eit kvinneproblem.

4.1.2 Forankring og objektivisering

Eg har sett meg som mål i denne oppgåva å sjå på kommunikasjon, sosiale representasjonar og identitet ut i frå dei personlege representasjonane som vert fortalt rundt flink pike-syndromet. For at ei gruppe skal kome til ei felles forståing av eit ukjent fenomen, er det viktig å namngje fenomenet – og dermed gje fenomenet eigenskapar slik at det er mogleg å snakke og kommunisere rundt det (Wagner et al., 1999). Ei forankring av flink pike-syndromet ligg i namngjevinga. I følge Helsedirektoratet si nasjonale database Volven, (04.08.2015) er syndrom: ”Et kompleks av symptomer og/eller sykdomstegn som opptrer sammen som resultat av felles (kjent eller ukjent) årsak(er) og som ved det representerer en klinisk diagnose.” Dette vert nytta saman med eit kjønna omgrep, pike, for å forklare noko som gjer at flinke, unge jenter vert sjuke. Namngjevinga gjer at fenomenet får sosiale representasjonar rundt kjønn, flinkheit og noko sjukdomsaktig – namnet i seg sjølv kan sjå ut som ein diagnose. Dette vert vidare forankra i frykt. Vi må ikkje verte for flinke, dette er farleg (om ein er jente) det kan føre til sjukdom, nærare sagt flink pike-syndrom. Forankringa av fenomenet gjennom eit kjønna omgrep er også med på å hjelpe i objektiviseringsprosessen.

Höijer (2011) nemner personifisering, det at ein idé eller eit fenomen vert knytt til ein bestemt person, som Freud for psykoanalysen eller Gandhi for ikkje valdeleg politisk kamp som ein måte å *objektiverere*. Flink pike-syndromet vert ikkje objektivisert i ein spesifikk person, men i ein kategori sett saman av flinkheit og jenter. Vi kan snakke om ei kategorifisering av flink pike-syndromet – er ein jente, og i tillegg flink, vil ein kunne passe inn i denne kategorien. Skildringane av dei som høyrer til ein slik kategori, vil få oss til å tenkje på dette farlege, at ein kan verte sjuk av å høyre til ein slik kategori. To av jentene fortel at dei vert stempla som flinke piker, og at dette gjev menneske i nær omgangskrets ei moglegheit til å åtvare dei mot farane ved å vere flink: ein vert nemleg sjuk av det. Jente 9 skriv:

Jeg er en jente med et snitt som strekker seg over femmeren. Denne snevre definisjonen av meg har plutselig gitt alle retten til å fortelle meg at jeg har et sykkelig forhold til skole. Jeg opplever det ofte, fra familie til fysioterapeut. De snakker uhemmet om meg som rammet av ”flink pike-syndromet”, stress og karakterpress. Fordi jeg liker og er flink på skolen og derfor får høye og fortjente karakterer, er det

visst noe galt med meg. Jeg prøver å forklare, men er tilsynelatende allerede dømt, uten rettsak.

Ved å passe inn i ein kategori som ei vellykka ung jente, blir ein også ei materealisering av fenomenet flink pike-syndrom. Dette fører med seg at ein automatisk vil tenke på dei sosiale representasjonane rundt fenomenet i møte med jenter som passar inn i kategorien. I dømet til jente 9 vil familie kunne objektivisere flink pike-syndromet direkte til jenta. Vi vil då kunne snakke om ei personifisering av flink pike-syndromet – eit stempel som er vanskeleg å bli kvitt.

4.1.3 Kommunikasjon omkring flink pike-syndromet

Eg har sett nærare på kommunikasjonsprosessen, innhaldet og konsekvensane av kommunikasjonen. I følge Moscovici (2008) vil kommunikasjonen i ulike sosiale segment ha ulik form og innhald som vidare vil føre til ulike representasjonar. Vidare ser eg på korleis det vert kommunisert om flink pike-syndromet og kva ønskjer jentene ser ut til å ha ved å delta i ein debatt omkring fenomenet. Til kven skriv dei, og kva er formålet med teksten? Representasjonar vert nytta for å få fram ulike interesser til grupper og Moscovici (2008) forklarar tre former som kan nyttast for å få til dette: propaganda; propagation; diffusion. Alle tekstane er personlege i den form at dei skriv om sjølvopplevde hendingar i forhold til å anten ha eit flink pike-syndrom, ha hatt eit flink pike-syndrom eller verte skulda for å ha eit flink pike-syndrom. På denne måten kan vi kategorisere jentene i tre grupper. Den fyrste er jentene som identifiserer seg sjølv med eit flink pike syndrom, den andre gruppa er dei som tidligare har identifisert seg med flink pike-syndromet, men i dag ser seg ferdige med det og den tredje gruppa er dei som ikkje identifiserer seg meg flink pike-syndromet, men som vert putta i kategorien av andre.

Flink pike-syndrom

Sju av tekstane omhandlar det å leve med flink pike-syndrom og korleis det artar seg. To av tekstane er ute etter råd, dei er *hjelpsøkande*. Dei skildrar sine personlege opplevingar og spør om råd, korleis ting kan verte betre. ”Hva skal jeg gjøre?”, spør jente 6. Ho bidreg med inntekt til familien, så ho kan ikkje seie opp jobben. ”Å nedprioritere skole er heller ikke et alternativ, men er ikke helse det viktigste?”, skriv ho. ”Hva med meg?”, spør jente 5. ”Men når jeg nå, av andre grunner enn familien, strever for å selv være lykkelig, hvordan skal jeg

da ordne dette? Hvordan skal jeg prøve å være flink pike i en dysfunksjonell familie?” Jentene ønskjer svar og råd frå andre jenter med flink pike syndrom. Spørsmåla vert nok også nytta av jentene som eit retorisk spørsmål, men ei av jentene får direkte svar, i tillegg til at mange av dei andre tekstane kjem med informasjon og råd.

Dei fem andre tekstane som identifiserar seg med flink pike-syndromet har ei form som er *appellerande og informativ*. Alle fem tekstane har informasjon om korleis det er å ha eit flink pike-syndrom. Dei ønskjer å informere om kva slags konsekvensar flink pike-syndromet kan ha – og appellerer til løysingar som kan føre til endring. I nokre av tekstane er det tydeleg kven appellen er til, i andre er det ikkje like lett å vite kven dei ønskjer å rekkje ut til. Jente 10 skil seg ut med at ho skriv direkte til ”flink pike-syndromet”. Ho har nokre spørsmål ho ønskjer svar på frå syndromet, og ho ber innstendig om det kan ta farvel. ”Hvorfor har du innhentet meg nok en gang? Kan du ikke la meg være? Kan jeg ikke få slappe av uten at du skal ødelegge? Jeg har det så mye bedre uten deg.” Jente 10 kjem ikkje med råd og løysingar slik dei andre tekstane gjer, men legg skulda for at ho har det vanskeleg over på dette flink pike-syndromet som innhentar ho. Ein slik vri er med på å personifisere flink pike-syndromet – det får eit eige liv. Teksten gjev likevel informasjon i forhold til kva slags krav og konsekvensar flink pike-syndromet kjem med.

To av tekstane tar kontakt med personar i liknande situasjonar. Jente 8 skriv: ”Så til alle jenter: Det er så fryktelig tungt. Jeg vet hvordan det føles, og jeg var heldig. Jeg kom meg på bena igjen.” Jente 2 er ikkje konkret i form av kjønn, ho skriv: ”Det er viktig for meg å si til dere der ute som føler det samme presset om å være perfekt at det ikke er nødvendig. Det går an å si stopp. Det er ditt liv og din kropp.” Sjølv om dei rekk ut til andre jenter, fortel begge jentene at dei framleis har problem med å sette grenser.

Jente 3 har nokre råd ho ønskjer å dele: ”Det som hjalp meg var å ta litt fri, sove, trene yoga og snakke om det. Jeg vet det ikke er lett, men etter hvert får man det til, man må rose seg selv, få hjelp av andre og ta seg i det. Livet handler ikke om å være perfekt.” Både jente 1 og jente 3 appellerer til eit høgare nivå, dei ynskjer eit betre tilbod for ungdom. Jente 3 skriv:

Man bør få hjelp. Det er ikke bare jeg som lider av dette. Mange ungdommer lider av det. Derfor mener jeg man bør få hjelp tidlig. Lære å slappe av, lære at livet ikke dreier seg om å være perfekt. Man burde få tilbud om stressmestring og yoga.

Jente 1 seier at det ikkje berre er ho som har eit slikt problem. ”Ungdom burde få tilbud om stressmestring”. Ein av dei hjelpesøkande tekstane har òg ein appell, den er til politikarane, noko vi også kan tenkje oss at dei to føregåande tekstane indirekte er. Jente 6 skriv:

Spesielt jenter er utsatt for ”flink pike syndromet”, og derfor ble jeg positivt overrasket da Erna Solberg tok opp psykiske sykdommer i nyttårstalen. Det er for lite fokus på dette. Nå gjenstår det bare at det satses mer på psykisk helse også – budsjettet er nemlig blitt mye mindre de siste årene”.

Ei slik form for kommunikasjon er didaktisk – ein ønskjer å lære noko til andre, hjelpe andre vidare. Jentene prøver å oppnå det med å utveksle erfaring om kva som har vore bra og fungert for dei sjølv. I tillegg legg dette opp til at to av jentene kan skrive inn – dei har ikkje noko informasjon om kva som fungerer, men spør etter svar. Ei mogleg løysing som ingen av jentene legg fram, er å slutte å vere flink. Setje ned krava sine. Jentene er einige om at dei ikkje ønskjer dette flink pike-syndromet, og leitar etter løysingar på korleis halde fram å vere flinke – utan å verte sjuke av dette. Dette skapar samhald og band mellom jentene og dei har same haldning til flink pike-fenomenet. Tekstane viser mange av dei felles sosiale representasjonane, og dette er med på å forme kommunikasjonen. Dei er einige om mange av løysingane og har ikkje eit alternativ til det å vere flink. På denne måten kan dette likne på kommunikasjonsforma som Moscovici fann i det katolske miljøet, *propagation*. Ein formar heller haldningar for å kunne halde på det som gjev meining (Bauer and Gaskell, 1999).

Men – vi kan også finne nokre overtydingar om kva det er som hjelper. Stressmeistring og yoga går igjen i to av tekstane. Vi kan forstå det slik at dette er noko desse to jentene er overtydd om at kjem til å fungere. Det er formulert på ein slik måte at vi kan tenkje oss at det er ei smal form for propaganda. Ei slik form for kommunikasjon er også med på å halde oppe stereotypar. Kanskje er dette med på å oppretthalde tanken om dei perfekte jentene og flink pike-syndromet: Dei flinke jentene må verte flinkare for å kunne bli friske. Dei forklarar ein stram timeplan, men med å leggje til enda ein aktivitet, tenkjer dei at dette kan verte løysinga.

Tidligere flink og sjuk – i dag fornøgd

To av tekstane er *rådgevande og støttande*. Dei gjev direkte råd til to flinke piker som tidlegare har skrive til Si;D. Berre ein av tekstane som får svar er med i utvalet, det er jente 5 som har ein hjelpesøkande tekst, ho får svar frå jente 7 i denne gruppa. Tekstane til jente 4 og 7 gjev eit inntrykk av at ein kan verte ferdig med flink pike-syndromet. Det er ikkje noko som varer evig. Dei skriv om liknande opplevingar som jentene har, og at dei tidlegare har identifisert seg som flinke piker. Men, jentene fortel om ein endringsprosess og uttrykkjer håp for framtida for dei to jentene som har det vanskeleg: Det vert betre. Tekstane til jente 4 og 7 gjev konkrete råd ved å vise til løysingar som fungerte for dei sjølve. For jente 7 var løysinga å konfrontere mor og far med at ho hadde vakse opp med ei syster som hadde ein diagnose, og det ho kallar ein dysfunksjonell familie. Ho strekar under at ho vart: ”flinkere til å velge positive og gode mennesker som mine nærmeste.” Ho ber 16-åringen om:

Tillat deg å kjenne på sorgen og sinnet over foreldre som ikke var grunnfjellene du kunne stå støtt på. Tillat deg å kjenne hvor tøft det er å vokse opp med et nært familiemedlem med en diagnose. Vær raus mot deg selv. Men husk at du også har fått en kjempestor gave. Du er smart og du er flink. Du er sikkert også tøff. Og hvis du klarer å velge det, hvis du klarer å velge å være sann mot deg selv og tar gode valg, så ligger det en fantastisk fremtid der åpen for deg. Lykke til.

Det er verdt å leggje merke til at, sjølv om jente 7 ikkje assosierer seg som ei flink pike i dag, måtte ho bli flinkare til noko for å bli verte betre. Dette er den same løysinga vi ser hos dei unge jentene som assosierer seg med flink pike-syndromet. Jente 4 har også hatt liknande opplevingar som jenta ho svarar: ”Jeg hadde det som deg fra jeg var 14 til jeg var 19”. Ho kjem vidare med støttande ord og håp for framtida: ”Det siste året har alt forandret seg. Jeg har venner, overskudd og glede”. Ho avslutter med at: ”Det blir bedre, jeg vil bare si det. Du er ikke alene”. I tillegg gjev ho nokre konkrete råd i innlegget sitt: ”Husk å smile. Hvis det ikke funker kan du prøve deg på energitilskudd som du får kjøpt i dagligvarebutikker bare for å få litt overskudd i hverdagen.”

Denne forma for kommunikasjon kan også samanliknast med den som eg tidlegare kalla smal propaganda som gjaldt stressmeistring og yoga. Jente 3, frå den tidlegare gruppa, skriv nemleg at det ikkje berre er ho som lid av det, og antyder ved dette at ho har eit flink pike-syndrom. Men, så legg ho til at: ”Jeg vet det ikke er lett, men etter hvert får man det til, man

må rose seg selv, få hjelp av andre og ta seg i det. Livet handler ikke om å være perfekt.” På denne måten kan det sjå ut som ho er ferdig med syndromet. Slik sett kan jente 3 både verte knytt til denne gruppa – og føregåande gruppe – og dermed kan vi sjå liknande kommunikasjon mellom gruppene.

Med stempel som ei flink pike

To tekstar kjem med *utvida informasjon* om flink pike-syndromet. Dei skriv for å opplyse lesaren om at media skapar eit bilete som ikkje er korrekt. Begge tekstane til jente 9 og 11 har merka seg ein auke i merksemda kring unge jenter og stress. Dei ønskjer å utvide omgrepet og få merksemd på at ein kan vere flink utan å vere sjuk. Dei tar opp problematikken med at det ikkje lenger er mogleg å vere flink utan at ein vert stempla som ei flink pike, eit omgrep som det ser ut til at familie og nær omgangskrets relaterer til sjukdom. Jente 9 skriv:

Karakterene jeg har er ikke et resultat av at jeg har jobbet livet av meg, men at det er noe jeg er god på og har brukt tid på. Men jeg burde ikke trenge å forsvare meg, for jeg opplever ingenting i nærheten av stress eller karakterpress. Så hvem gir dere rett til å insistere på noe annet?

Jente 11 skriv: ”I takt med ”flink pike-debatten” har nemlig foreldrene mine nærmest hengt et fareskilt rundt nakken min. De er livredde for at jeg påtar meg for mye, for at jeg skal ende opp depressiv og anorektisk.” Ho legg også til at dette blir framstilt som eit kvinneproblem:

Jeg er glad for at debatten går, og enda gladere for at folk begynner å ta temaet på alvor. Men ikke gjør det om til en kjønnsdebatt. Ikke fremstill det som et ”kvinneproblem” kun fordi noen korttenkte mennesker en gang valgte å kalle syndromet ”flink pike.” Det handler ikke om kjønn.

Det kan sjå ut som jentene forsøker å vere sympatiske og positive i si tilnærming. Jente 9 skriv: ”Jeg bagatelliserer på ingen måte det faktum at mange jenter sliter med for mye stress og press. Dette må tas alvorlig.” Dei skapar eit forhold av likskap og likeverd mellom dei sjølve, som sendar, og mottakarane. Jentene er nok klar over at Si:D vert lest av unge som assosierer seg med flink pike-syndromet og slik kan vi tenkje oss at jentene både forsøker å utvide omgrepet for dei det angår, og for dei som er med på denne kategoriseringa og stemplinga. Denne kommunikasjonsforma kan likne den Moscovici (2008) omtalar som

diffusion. Den føregår i urbane, liberale miljø og oppstår i grupper utan ein sterk identitet eller struktur. Kommunikasjonen er ført an av publikum, meint for å informere menneske om nye moglegheiter, og tema kan ha ei laus form inkludert humor og ironi. Bodskapen i ei slik kommunikasjonsform uttrykkjer og ber i seg meining utan å ta med særlege handlingar. Bodskapen til ei av dei to jentene i denne gruppa har feministiske trekk og vektlegg likestilling mellom kjønn – at kvinner er like gode som menn. Begge jentene seier seg ueinige i det media har å kome med og ønskjer ikkje vere innlemma i kategorien flink pike-syndrom. Sjølv om begge jentene identifiserer seg med å vere flinke, så er dei ueinige om at dette ikkje gjer dei sjuke.

4.1.4 Personlege representasjonar

Med utgangspunkt i Moscovici (2008), som merka seg at ulike sosiale representasjonar var til stades i det franske samfunnet, har eg i tekstane leita etter hegemoniske, emansiperte og polemiske representasjonar. Eg har, som Breakwell (2015) viser til, tenkt at dei personlege representasjonane til jentene, har innlemma ulike sosiale representasjonar som er til stades i samfunnet. I tillegg finn eg også nokre direkte henvisningar til media gjennom to av tekstane.

Flink pike-syndrom er noko som rammar kvinner

Som tidlegare nemnt er forankringa i namnet med på å gje oss assosiasjonar til det kvinnelege kjønn. Dette er også noko media ser ut til å vektlegge. Jente 9 skriv: ”Mediene skriver mye om jenter som stresser seg syke og faller som fluer når presset blir for stort.”. Foreldra til jente 11 er bekymra for at ho skal verte sjuk, men ikkje bekymra for bror hennar. Det er interessant å sjå at tekstane til jentene, som sjølv hevdar å ha eit flink pike-syndrom, sjeldan nemner kjønn. Det kan tenkjast at jentene ikkje tek dette med då dei for det første brukar fenomenet sitt namn som inneheld kjønn, eller ved at dei skildrar sin eigen situasjon, som jente, og dermed implisitt viser til det som eit jenteproblem. Jente 8 derimot har ein direkte referanse til andre jenter: ”Så til alle jenter, det er så fryktelig tungt. Jeg vet hvordan det føles og jeg har vært heldig”. Ho viser dermed til at dette er eit problem som rammar jenter.

Med forankringa i namnet og fokus i media på jenter kan vi tenkje oss dette som ein hegemonisk sosial representasjon: *flink pike-syndrom rammar jenter*. Slike representasjonar er til ei viss grad delt av alle medlemmane av eit samfunn, og er ein del av den sosiale identiteten. Desse representasjonane gjev ikkje stort rom for fridom på eit individuelt nivå

(Ben-Asher, 2003). Jente 11 er ueinig i dette, ho gjev oss ein alternativ representasjon mot den eksisterande kjønna sosiale representasjonen: *dette er ikkje eit kvinneproblem*. Ein slik polemisk representasjon kan verte danna av subgrupper i løpet av ein debatt eller sosial konflikt når samfunnet som heilskap eller sosiale autoritetar ikkje delar representasjonane. To av jentene som slit med flink pike-syndromet, legg dette fram som eit ungdomsproblem, *ein vert sjuk av å vere flink, men dette gjeld også for gutar*. Både jente 1 og jente 3 ser ut til å vere einige i dette. ”Uheldigvis er det ikke bare mitt problem. Ungdom burde få tilbud om stressmestringskurs”, skriv jente 1 og jente 3 slår fast: ”Det er ikke bare jeg som lider av dette. Mange ungdommer lider av det.”

Vi får også ein ny alternativ representasjon av jente 11: ”Det at jeg tilfeldigvis er kvinne, betyr ikke automatisk at jeg er mindre kapabel til å sjonglere oppgaver og ansvar enn min bror – og dermed er lettere utsatt for psykisk lidelser.” Dette kan vi forstå som ein polemisk representasjon til *jenter er meir utsatt for psykiske lidingar enn menn*. Ung Data (2013) viser oss at dette er tal som ser ut til å stemme, jenter fortel om fleire symptom relatert til depresjon enn gutar. Men, i følgje Malt (2003) kan slike befolkningsstudiar knyte spørsmål opp til intervjuobjektet sine eige opplevingar og kjensler på eit slikt vis at det er enklare for kvinner enn menn å svare bekreftande på. Representasjonen kjem ikkje fram i dei andre tekstane, men ved studiar som støttar ein slik representasjon, kan ein tenkje seg at dette vert haldningar og tankar som er til stades i samfunnet. Ved ein slik sosial representasjon kan jentene med flink pike-syndrom tru at dei kjem svakare ut enn gutar i forhold til psykisk helse, noko dei faktisk gjer i følgje Ung Data (2013). Jente 6 skriv at ”spesielt jenter er utsatt for ”flink pike syndromet”. Om vi ser på flink pike-syndromet som ein psykisk sjukdom, vil då dette stemme overeins med jente 11 sin polemiske representasjon.

Diagnose: Flink

Simon de Beauvoir (1996) skildrar korleis kropp er eit uunngåeleg faktum for kvinner i mykje større grad enn menn – og dette kjem også fram i ein representasjon rundt flinkheit: *Er ein for flink, og jente, vil dette gå utover kropp og føre til sjukdom*. Flinkheit blir framstilt som noko farleg for jenter. Jente 9, stempla med flink pike-syndromet av familie og bekjente, er lei den snevre definisjonen det gjev å vere jente med gode karakterar. Ho skriv:

Vi må formidle budskapet om at man ikke kan presse seg så langt at man knekker, samtidig som vi ikke må skjære alle over én kam. For jeg er god på noe, og det skal jeg få lov til å være stolt av.”

Ho meiner det er feil at ho må forsvare seg – ho er ikkje sjuk sjølv om ho er flink. Jente 11 skildrar også dette med at foreldra heng eit fareskilt rundt nakken hennar og etterspør fareskiltet til bror sin. Ho spør seg korleis dei som søsken kan vere like flinke og aktive, medan det berre er henne foreldra bekymrar seg for.

Som forankringa tidlegare viser, gjev namnet oss assosiasjon til noko diagnoseliknande. ”Hvorfor blir de som arbeider for sin egen fremtid og oppnår gode resultater, plutselig sett ned på og gitt diagnoser av allmennheten?”, seier jente 9. Det kan sjå ut som det har blitt akseptert at samfunnet kan stille diagnose, noko det ser ut som jente 6 heller ikkje ønskjer: ”Heldigvis er det lege eller psykolog som stiller diagnose, ikke resten av befolkningen.” I følge Lian (2014) vert fleire menneskelege eigenskapar og kjenneteikn omdefinerte til sjukdom med diagnostiske kjenneteikn i den vestlige verda. Ho skriv at ein psykiatrisk diagnose er å namnsetje noko, skape språklege konstruksjonar som skildrar det medisinske autoritetar vel å definere som sjukdom og at: ”Stadig flere karaktertrekk omdefineres til medisinske diagnoser, noe også DSM-5 kan bidra til”. Ho seier vidare at:

En karaktertrekkdiagnose er en diagnose som *navngir* menneskelige karaktertrekk med sykdomsklassifikasjoner med bakgrunn i at de er avvikende og uønskede, og dermed skaper problemer av ulik art for vedkommende selv og/eller for deres omgivelser.

Det kan sjå ut som vi har sosiale representasjonar som kan minne oss om dette Lian (2014) kallar karaktertrekkdiagnosar. Om ein er flink (eit karaktertrekk), vert ein sjuk – og diagnosen er dette omtala flink pike-syndromet. Symptom på diagnosen kan variere i alvorgrad fortel tekstane oss. Jente 8 har i periodar av sitt ungdomsliv vore innlagt på sjukehus. Jente 6 fortel oss at det har gått så langt at ho ikkje har hatt menstruasjon på eit heilt år – noko som ho seier kan føre til beinskjørheit og infertilitet. Diagnosane det blir referert til, er psykiske lidingar (anoreksi og depresjon) og symptoma er oftast kroppslege som for eksempel: kronisk hovudverk, vond rygg, i periodar hjertebank, stressrelatert magesår og tårer. Dette fører til at jentene vert utslitt, utbrent og manglar lykke.

Ni av jentene har direkte opplevingar og fortel sine historier rundt det å ha eller ha hatt eit flink pike syndrom. Jente 1 skriv: ”Et sted går grensen. Kroppen forteller deg at nok er nok.” Fem av jentene stadfestar at dei har vanskeleg for å sette grenser og gjev oss ein alternativ til at ein vert sjuk av å vere flink: *ein vert sjuk av manglande grensesetting*. Jenter 8 skriv: ”Allerede på barneskolen jobbet jeg altfor hardt. Jeg slet med å si nei, slet med å sette egne grenser. Til slutt knakk jeg sammen.” Dei ønskjer å tilfredsstillе alle og tenkjer at andre vert skuffa om ein ikkje gjer det som blir sagt. Det er ein evig sirkel. Jente 2 skriv: ”Jeg har en innbilning om at andre blir skuffet hvis jeg ikke gjør som de sier til enhver tid.” Seier ein nei, gjev dette ei sterk skuldkjensle ein ikkje vert kvitt. Seier ein ja, byggjer det seg opp så mange oppgåver at ein stadig blir gåande rundt med store bekymringar og dårleg samvit.

Sjølvoptimalisering – du skal bli den beste utgåva av deg sjølv

Dei unge jentene ønskjer så gjerne at alt skal vere bra – utan at det fører med seg noko problem. Dei ønskjer ikkje stille noko lågare krav til seg sjølv for å verte friske – då vil dei ikkje lenger vere gode nok. Desse krava, det å prestere på eit høgt nivå, skal falle seg naturleg, det skal ikkje sjå ut som eit strev, men det blir det etter kvart. Jente 3 skriv at det er ein sjukdom å ville vere perfekt: ”Alle vil vel være perfekt”, hevdar ho. Ho nyttar seg av ordet ”streben”. ”Det er sjelden man oppdager at man lider av ”syndromet” før man er utslitt av stresset som er kommet på grunn av streben etter perfektjon”, seier ho. Jentene forsøker altså ikkje å vere flinke, dei forsøker å vere perfekte. Flink er ikkje godt nok - dei ønskjer å strekkje seg endå lenger.

Jentene fortel om høge forventingar til seg sjølv, ein skal ha gode karakterar, vere sosial, drive med idrett og vere ein god familiemedlem, eit krav om prestasjon på fleire område i livet. Dei flinke jentene er både god på skule og flink i idrett. Heime er også ein stad der det blir stilt krav. Jentene er ikkje i opprør, slik ungdom tidlegare har vore, dei er snille og ønskjer å ta vare på sin familie. To av jentene fortel at dei til og med har eit stort ansvar for at det skal gå rundt heime, den eine med eit økonomisk ansvar, den andre med eit ansvar for å halde familien lykkeleg – slik at ikkje alle har det vondt. Jente 1 skriv at ho er ei typisk flink jente, og så legg ho til kva slags forventningar ho har til seg sjølv: ”Jeg vil ha gode karakterer på skolen, være god i min idrett, jobbe og tjene penger og ha et rikt sosialt liv ved siden av.” Jente 2 har også desse ønska, ho skriv: Jeg er en relativt normal jente. Jeg er flink på skolen, har venner og driver med fritidsaktiviteter. Hele uken er det ting jeg må rekke, steder jeg må være og forventinger jeg må forholde meg til.” Dette er også jente 3 einig i, når ho skriv:

”Man skal ha gode karakterer i alle fag, mestre en sport bra, tjene penger, hjelpe til hjemme og ha et godt sosialt liv.” Dei skildrar prestasjonar på ulike områder som kan gje oss den emansiperte representasjonen om å *bli den beste utgåva av seg sjølv –perfeksjon og prestasjon på alle område.*

Det å vere flink på skulen går igjen i alle tekstane bortsett frå éin. Karakterane er også det som set dei to jentene som ikkje tenkjer dei har eit flink pike-syndrom, i kategorien ”flinke piker”. Ni av jentene har eit ønske om å gjere det bra på skulen, dette er viktig for dei. Jente 4 tek avstand frå dette, men ho var tidlegare ein av dei. Ho skriv: ”Jeg hadde frem til tredje klasse på videregående to timer fravær og de to timene hadde jeg brukt til å lese til en prøve jeg ikke følte meg godt nok forberedt på”. Jente 6 skriv: ”Man kan si at man ikke skal ha så høye forventninger til seg selv, men skolearbeid anser jeg som meningsfullt da det kan gi meg den studieplassen jeg ønsker”. Jentene viser til ein representasjon om at *skule og karakterar sikrar framtida.* Utan gode karakterar får ein ikkje velje yrke sjølv.

Syndromet si ibuande kraft

Jentene har direkte opplevingar av kva det vil seie å verte sjuk av å vere flink. På denne måten har dei ein kroppsleg tilgang til problemstillinga som vi andre ikkje har. Jentene er ikkje i opposisjon til dei hegemoniske representasjonane vi finn, men vi får tilgang til nokre emansiperte representasjonar som går på den faktiske opplevinga deira. Vi kan tenkje oss dei unge jentene som ei sub-gruppe. Det er dei som er nærast fenomenet – og dei legg vekt på noko som ikkje blir delt av den større gruppa i samfunnet. Ein slik emansipert representasjon kan vi forstå som spesifikk informasjon laga av ein minoritet i samfunnet, dei er lausrivne frå samfunnet generelt. Desse representasjonane vert skapte når medlemmer av eit samfunn er ulikt eksponert til ny informasjon, og representasjonane viser dermed forskjellar av identitet mellom individ eller subgrupper innan ei større gruppe (Ben-Asher, 2003).

Nokre av jentene skildrar flink pike-syndromet som *noko ibuande* i dei sjølve, noko som dei ikkje kan kontrollere. Det er ikkje jentene som har høge krav til seg sjølve og krev prestasjon, det er denne ibuande krafta. Den set seg i kropp, hjerne eller sinnet til dei unge jentene – ei tingleggjering av jentene. Ikkje berre tar fenomenet plass, det kjem også med store krav som ikkje er moglege for jentene å leve opp til. Vi kan tenke oss eit konseptuelt skilje mellom kropp og sinn: kroppen og sinnet, eller hjernen, er ikkje to einingar som heng saman. Jentene

er i stand til å styre kroppen sin, men sinnet er noko dei aldri har kunne kontrollert. Fem av jentene skildrar denne ibuande tilstanden.

Jeg er blitt flinkere til å sette egne grenser, jeg har vokst og jeg har lært. Men jeg har det fortsatt i meg, det som gjør at jeg presser meg altfor hardt til tider, og som gjør at jeg går helt ned i kjelleren.” (Jente 8)

Hvorfor har du innhentet meg nok en gang? Kan du ikke la meg være? Kan jeg ikke få slappe av uten at du skal ødelegge. Jeg har det så fint uten deg. Da kan jeg nemlig leve livet mitt uten bekymringer og dårlig samvittighet. Hvorfor er det så mye du vil ha meg til å gjøre, når du vet at jeg ikke klarer å gjøre alt? (Jente 10)

Både jente 1 og 3 har også dette ibuande i seg, dei har ikkje makt over det som skjer. Dei relaterer syndromet til hjernen.

Problemet er at ingen av disse tingene kan prioriteres bort, og hjernen min fungerer på en måte som gjør at jeg må bekymre meg for alt som kan skje. Jeg kan ikke bare slutte å være flink. Det er en del av min personlighet. (Jente 1)

Jeg ble syk og klarte ingen ting. Jeg fikk høre at jeg måtte roe ned, slappe av og prioritere bedre. Men slik fungerer ikke flink pike-syndromet. Hjernen er vant til at det å være perfekt er det riktige, så da er det umulig å bare stoppe. (Jente 3)

Jente 3 nyttar seg av ein metafor for å skildre kva det er som skjer: ”Det er som et stearinlys, et lys som brenner og brenner, men til slutt er det ikke mer stearin og lyset er utbrent.” Vi kan tenke oss kroppen som dette stearinlyset, flammene som sinnet – det som vil og ønskjer så mykje, eller rett og slett, flink pike-syndromet. Til slutt er kroppen borte.

5 Diskusjon

5.1 Ny vitskap og samfunnsendringar

5.1.1 Ein bekymra ungdomskultur

Tekstane til jentene fortel om noko av det nyare befolkningsstudiar med mål på unge si psykiske helse viser, at bekymring, søvnløyse og håpløyse med tanke på framtida aukar blant unge tenåringar (Hegna, Ødegård og Strandbu, 2013). I Ung i Oslo 2012 svarte meir enn halvparten av jentene at dei bekymra seg for mykje om ting, og at alt er eit slit – vanlege teikn på psykisk stress, i følge Øia (2012).

Stadig fleire unge jenter rapporterer om psykiske helseplager og Hageberg (2014) spør om tala som viser auke i depresjon blant unge kan skuldast større merksemd på psykisk helse i samfunnet, noko som kan føre til større rapportering. Ein ansvarleg for Ung-data undersøkinga tenkjer seg at dette også skulle inkludert gutane, i tillegg til at tendensen ikkje ser ut til å gjelde jenter med innvandrarbakgrunn. Ein kunne tenke seg at mindre rus og større auke på fysisk helse heller skulle føre til mindre psykisk lidning. For i følge Hegna et al. (2013) er det fleire teikn i forskingslitteraturen som gjev oss høve til å skildre dagens ungdom som skikkelegare, meir hardtarbeidande og pliktoppfyllande enn før. Dei viser blant anna til nedgang i rusbruk, nasking, hærverk, og auke i trivsel på skulen og valdeltaking blant førstegongsveljarar dei siste åra. I følge Hageberg (2014) kan det sjå ut som det er dei meir ressurssterke og veltilpassa som har fått dårlegare psykisk helse. Dette kan også samsvare med utvalet til oppgåva – berre to jenter viser til lågare sosioøkonomiske kår. Hageberg (2014) meiner vi kan ha å gjera med eit generelt auka psykisk press som følgje av store krav til personleg helse, skuleprestasjonar, utsjånad og sosial kompetanse. Det er ikkje ei lidning som kan diagnostiserast, vert det understreka, men i verste fall disponere for tyngre psykiske lidningar på eit seinare tidspunkt. Likevel får vi inntrykk av at det vert stilt diagnosar – både frå samfunnet og jentene sjølve. Det ser ut til å vere ei semje i samfunnet, ei felles forståing i som at flink pike-syndrom er ein diagnose. Det ser ut til å vere ei psykisk lidning som gjer at ein vert sjuk.

Foreldra til jente 11 er einige i Hageberg (2014) si skildring. Dei tenkjer at dottera kan få ei psykisk lidning som depresjon eller anoreksi om ho held fram med å vere flink og aktiv. Jente

11 seier derimot: ”Det er selvfølgelig flott at de bryr seg og tar til seg ny kunnskap om et økende problem i landet vårt – men hvor er fareskiltet til min bror?” Vi har fått ein ny kunnskap, seier ho, og i følgje Moscovici (2000) fører ny vitskap og samfunnsendring til nye sosiale representasjonar. Kva slags samfunnsendringar og vitskap kan vi sjå som er med på å gjere unge jenter sjuke – og gjev oss dette nye flink pike-syndromet?

Hegna et al. (2013) viser til den plikoppfyllande ungdomskulturen og seier at det er verdt å leggje merke til fire samfunnsmessige utviklingstrekk. For det første har ei generasjonskløft forsvunne, og dei store kulturelle motsetningane mellom generasjonane er svekka. Dette treng ikkje å bety at ulikheit eller autoritet ikkje er til stades, men opposisjon kan sjå ut til å ha vorte erstatta av forhandlingar, større likeverd og delte normer - både med mor og far. For det andre ny teknologi. Store delar av ungdomslivet blir levd på ungdomsrommet i eit virtuelt fellesskap, og med smarttelefonen har dei heile sitt sosiale liv i lomma - også sine foreldre. Med flyttinga inn frå gata og mobiltelefonen som ein virtuell løypestreng aukar foreldrekontrollen, samtidig som handlingsrommet for rusbruk, norm- og lovbrøt blir redusert. For det tredje kan ein stille spørsmål rundt åtferdsmedisinering. Dei tenkjer seg at vi veit lite om samanhengen mellom behandling og medisinerings av psykiske vanskar på den eine sida, og konsekvensane dette får på eit samfunnsmessig plan. Dei spør seg om det kan tenkast at noko av nedgangen i atferdsproblem skuldast betre behandling og oppfølging av barn og unge? Og for det fjerde, utdanningspresset. Sosiolog Baker (2009) kallar dagens samfunn for det skolerte samfunn.

5.1.2 Utdanning – vegen til fridom

Det som går igjen i forteljningane til dei unge jentene av desse fire utviklingstrekkane er kravet om skuleprestasjon. Hegna et al. (2013) spør om det einsretta trykket på utdanning og framtidsdisiplinering er så sterkt at det skapar auka psykisk stress og bidreg til ein brattare motbakke for dei som får problem med å meistre utdanning. Vi ser heilt klart at utdanning er viktig for dei unge jentene, men dei skildrar ikkje problem med å meistre – heller det motsette: toppkarakterar. Utdanningsekspløsjonen har skapt nye idear om kva slags kunnskap som er relevant, og nye definisjonar for personleg suksess. Utdanning er den dominerande mekanismen bak samfunnet si lagdeling og for den enkelte sin mobilitet. Medan 60-talet sine ungdommar fekk fridom gjennom arbeidslivet, får 2010 – generasjonen fridom gjennom utdanning (Hegna et al., 2013). Men utdanning gjev mindre fridom kan det sjå ut til, om ein

ikkje når måla som Kunnskapsløftet ber i seg, blir tilgangen til framtidig yrkeskarriere stengt (Falch, Borge, Lujala, Nyhus & Strøm, 2010). Det er større risiko for at gutar droppar ut av vidaregåande skule (Sikveland, 2013) og jentene i utvalet skildrar ikkje ein redsel for å ramle ut av skulen, heller ein redsel for å ikkje skulle fullføre på topp: miste fridomen til å velje si eiga utdanning og dermed vere sjef over eiga framtid. Det kan stå fram som ein redsel i å måtte slå seg til ro med eit dårlegare alternativ. Karakterane er det som gjer at jentene kan velje framtida – utan at nokon skal kunne nekte dei inntak på studiet, eller jobben, dei ønskjer.

Ungdom i dag har ikkje råd til å trå utanfor for mykje – og dei unge jentene med flink pike-syndrom veit dette. Endringstrekka har skapt ein meir ”konform” ungdomsgenerasjon. Skulen må meistrast, kroppen trenast, helsa vere god. Ungdom må forvalte ungdomstida som ein verdifull kapital for framtida. Kjem ein på etterskot, har ein berre seg sjølv å takke. I vår individualiserte tid blir strukturelle problem personlege (Hegna et al, 2013). Dette viser også Madsen (2010). Han seier at tendensen med individualisering ser ut til å gå på bekostning av klassemedvit. Det er ikkje lenger mogleg å samle seg i eit fellesskap når problemet har vorte lagt på individet. Ei individualisering fører til at potensielle kollektive erfaringar vert fragmentert. Sjølv om dei unge jentene skriv til kvarandre og skapar eit samhald gjennom tekstane i Si;D ser vi ikkje eit forsøk på å samle seg kollektivt for å stå opp mot dette presset og desse krava som finst. Dette er uheldig sidan vi må opp på eit kollektivt nivå av handling for å kunne kontrollerer slike prosessar gjennom politisk styring, seier Madsen (2010). For at det skal skje må ein klare å sjå gjennom individualiseringa – sjå kva det er som driv jentene til å skulle prestere på det høgaste nivået. Er det dei sjølv, eller er denne ibuande krafta dei forklarar noko anna enn flink pike-syndromet? Individualiseringa verkar forlokkande med sitt fridomsideal, her gjennom utdanning, og det er vanskeleg å sjå igjennom dette. Utdanning er vegen til å kunne velje det ein sjølv ønskjer i framtida – altså er det vegen til fridom. Det er ingen grenser for kor langt ein kan kome vert vi fortalt, uansett klasse, bustad eller din familiebakgrunn har noko å seie: Du som individ kan gjere kva du vil, bli kva du vil. Men, det er verdt å leggje merke til at sjølv om vi snakkar om individualisering som eit fridomsideal ser dette ut til å påverke jentene – og ikkje gutane. Dei strekkjer seg ikkje så langt at dei vert sjuke av det.

5.1.3 Individualisering

I følge Beck (2000) er individuell tilfredstilling og sjølvrealisering den viktigaste drivkrafta i det moderne samfunn. Individualiseringa refererer til subjektive og biografiske sider ved sivilisasjonen si utvikling og det moderne idealet for individet som sjølv er fritt og ansvarleg til å forme sitt liv. Dette er eit relativt nytt fenomen som står i motsetning til den tradisjonelle samfunnsorganiseringa som ikkje gav eit slikt rom for utfolding (Madsen, 2010).

Individualisering omdannar menneskeleg identitet frå noko fast til ei oppgåve (Baumann, 2001). I følge Beck (2000) vert individualiseringa tvinga på oss gjennom institusjonalisert individualisme, der ein vert stilt til ansvar for eigne val og handlingar som eit resultat av dette. Enkeltmennesket vert no nytta som ei årsaksforklaring for si utvikling og sine framsteg, eller på den andre sida, for si utstiltrekkelegheit (Madsen, 2010). Du er sjølv skuld i dine sigrar, men også i dine nederlag, seier Beck (2000). Madsen (2010) seier at poenget til Beck ikkje er å underslå det individuelle ansvaret, eller evna vi har til å sjå vår eigen situasjon i positiv eller negativ retning. Men ved å tillegge seg eit historisk blick kan ein sjå at stadig større del av samfunnet sine problem vert individualiserte, ei bør lagt på skuldrane til enkeltindivid. Vi kan stille oss spørsmålet om det er nokre strukturelle årsaker som vert lagt på unge jenter i dagens samfunn.

McRobbie (2009) viser til post-femismen - eit nytt sosialt og kulturelt landskap, der ein tenkjer seg ei ny form for anti-feministiske oppfatningar. Feminismen har fått ei ny drakt, særleg i media og populærkulturen, men også i statlege etatar. Desse nye og tilsynelatande moderne ideane rundt kvinner – og særleg yngre kvinner, er blitt formidla meir offensivt. Dette trur McRobbie (2009) er for å forhindre ei ny rørsle med kvinneopprør. Feminismen har blitt instrumentalisert og vestlige styresett nyttar ei form for faux-feminisme. Fridom er blitt fornya og aktualisert gjennom seksualitet og kjønn. Kvinner er likestilte i arbeid, lønn og utdanning og eit tankesett om at ”jobben er gjort – vesten er likestilt” er idear som er med på å halde feministiske tankar nede. Feminisme er gjort usmakeleg for dei yngre kvinnene – det er noko hesleg og verkar avskrekkande.

Vi har i staden for feminisme blitt lønna med ein lovnad om fridom og uavhengigheit, mest synleg gjennom evna til inntening. Dette fungerer også som ein symbolsk funksjon, der kvinner får rettar og medlemskap i samfunnet. Det føregår ein prosess av forskyving og

erstatning. Ein ønskjer ikkje lenger å finne ut av kva feministisk politikk kunne ha resultert i. Dagens unge jenter blir i staden tilbode ei tenkt form for likestilling, gjort synleg gjennom utdanning og tilsetjing – gjennom deltaking i ein forbrukarkultur og eit sivilt samfunn. Ein kan tenkje på det som ei ny form for seksuell kontrakt. Fridomen er blitt fornya og aktualisert gjennom seksualitet og kjønn, noko som skil oss frå resten av verda, seier McRobbie (2009). Ein kan ta del i ein forbrukarkultur som ser på ”empowering” av kvinner ved å kunne vise sin eigen kropp. Budgeon (2001) seier at kvinner i dag er medvitne om kjønn, men det nye kvinnelege subjektet, trass i fridomen, blir bedne om å vere stille. Å halde tilbake kritikk er viktig for å kunne telje som ei moderne og sofistikert jente. Tilbakehaldinga av kritikk er ein tilstand for fridomen hennar: det er både stillheit og kompleksitet i det generasjonsspesifikke omgrepet å vere kul.

McRobbie (2009) nyttar seg av omgrepet kvinneleg individualisering og byggjer mykje på arbeida til Beck (1992) og Giddens (1991). Ho hevdar at arbeida ser ut til å snakke direkte til den post-feministiske generasjonen, men at vi berre høyrer svake ekko av feministisk kamp i skrivinga deira. Ein finn ikkje spor etter frigjeringskampen for kvinner, eller varige ulikskapar som framleis er med på å markere relasjonen mellom kvinne og mann. Alt dette er viska bort og ute av eksistens på grunnlag av den frigjerande politikken (McRobbie, 2009). Unge kvinner, er som eit resultat, ikkje lenger forankra i eit samfunn der kjønnsroller er noko fast, men vi ser likevel sosiale representasjonar som viser til dei tradisjonelle kategoriane feminin og maskulin, som i følgje Lloyd (1995) kan bli sett på som eit dikotomt par. Dei får sine tydingar i forhold til kvarandre og ser ut til å bli gitt eit over/underordningsforhold. Det ser vi også med flink pike-syndromet: jenter er kjønnet som vert sjuk av å være flink. Tydinga maskulinitet og feminitet blir påverka i stor grad av dominerande tenkemåtar og samfunnsforhold, noko som betyr at omgrepa vert forma av ideologiske førestillingar. Det er blant anna gjennom media si formidling, at den symbolske konflikten omkring definisjonar av maskulinitet og feminitet utspelar seg (Lloyd, 1995).

Nyliberalismen blir ansett for å vere den dominerande ideologien i vår tid (Madsen, 2010); ein teori om politisk-økonomiske retningslinjer som går ut frå at velferd blir best sikra gjennom fritt individuelt entreprenørskap innanfor eit institusjonelt rammeverk, prega av ein sterk privat eigedomsrett, ein fri marknad og fri handel. Bourdieu (1998) knyter nyliberalismen til individualiseringsprosessar, som vert støtta opp under av ein tanke om økonomisk og individuell fridom: ”the economic view which individualizes everything”

(Bourdieu, 1998, s. 40). Han seier vidare at nyliberalismen er eit program for å kvitte seg med brysame kollektive strukturar. McRobbie (2009) ser ut til å tenke at feminismen har vore ein slik bryksom kollektiv struktur. Utvatninga, eller disartikuleringa som ho kallar det, av feminismen, skjer gjennom eit nyliberalistisk tankesett. Feministisk retorikk vert teke opp og brukt av maktinnehavarane. Det politiske og institusjonelle liv har teke til seg element frå feminismen. Dei har inkludert ord som ”empowerment” og ”choice”, men har sett desse omgrepa inn i ein individualistisk diskurs. Dei skapar eit bilete av ein kjønnskamp som har nådd sitt mål og ikkje lenger treng å vere på dagsordenen. Den kulturelle ideen om sjølvrealisering vert forsterka under nyliberalismen – sosial rettferd kan oppnåast gjennom marknaden. Individet og enkeltmennesket sitt medvit er det som skapar omgjevnadene – ikkje omvendt (Madsen, 2010)

Individet må no velje korleis det vil leve livet. Jenter må ha ein livsplan. Dei må vere meir refleksive i forhold til kvart einaste aspekt av livet, frå det rette valet ved eit giftemål til å ta ansvaret for utdanning og arbeidsliv. McRobbie (2009) seier at Beck og Giddens er for lite merksame på den regulerande dimensjonen av populærdiskurs i forhold til personleg val og sjølvforbetring. Val er visseleg, innan livsstilskulturen, ei form for tvang. Individet er tvinga til å vere eit subjekt som kan gjere rette val. På dette grunnlaget vert det eit skilje mellom dei subjekta som gjerne blir sett på som lydhyre til regime av personleg ansvar – og dei som feilar stort. Giddens eller Beck kjem ikkje med kritikk av desse maktrelasjonane som arbeider effektivt på eit nivå av lekamleggjering. Det ser ikkje ut til at dei tenkjer at dette er produkt av nye sfærar, seier McRobbie (2009).

Berre jente 11 står opp og seier dette ikkje handlar om kjønn, at det ikkje er eit kvinneproblem. To av jentene ser dette som eit ungdomsproblem. Dei andre jentene ser ikkje ut til å sjå på det som eit strukturelt problem, dei er heller ein del av problemet. Dei tek på seg skulda for at dei ikkje har det bra og leitar etter løysingar som ser ut til å kunne hjelpe. Om det er slik som McRobbie (2009) tenkjer seg så legg samfunnet og då særleg forbrukarsamfunnet opp til eit press og krav til unge jenter som ikkje er til stades på same nivå for unge gutar. Det verkar heller ikkje som jentene sjølve er klar over at dette kan vere eit alternativ. Det vert ikkje diskutert hos nokon av jentene som identifiserer seg med flink pike-syndromet. Identiteten kan sjå ut til å ligge nærare opp mot det som samfunnet set som krav av ”den perfekte unge jenta” – samfunnet, eller jentene, ser ikkje gjennom individualiseringa.

5.1.4 Kan psykologien ha skulda?

Beck (2000) peikar direkte på psykologien, som ein samfunnsinstitusjon som indirekte forsterkar slike individualiseringsmekanismer. Politiske, strukturelle og sosiale fenomen blir omdefinert i stor skala til psykologiske disposisjonar som personleg tilkortkoming, manglande meistringsstrategiar, skuldkjensle, angst og indre konflikhtar – mykje av det vi vert fortalt frå dei unge jentene. Sosiale kriser framstår som individuelle kriser (Madsen, 2010). Sjølvrealisering har blitt ein universell menneskeleg rett etter at Rogers og Maslow endra vårt syn på sjølv og gjorde eit inntrykk på populærkulturen. Dette gav oss ei førestilling om at alle dei som ikkje hadde realisert sitt unike potensiale i seg sjølv, kunne ha nytte av terapi. Vi kan sjå at den terapeutiske kulturen (Madsen, 2010) kjem til uttrykk blant dei unge jentene: dei søker hjelp: dei snakkar om ei lidning – og korleis ein kan bli kvitt den.

Paradokset med individualiteten i vår tid, seier Ehrenberg (2010) er at den er blitt området for høgste tilfredsstilling og lykke i vår kultur. Om vi tenkjer på identitetsprinsippet som Breakwell (2015) nemner, kan vi tenkje oss at det blir ein uovervinneleg jobb å oppnå den optimaliserte utgåva av seg sjølv. Samtidig kan individualiteten også utgjere avgrunnen som individet risikerer å ramle ned i, der ein vert utmatta og deprimert, seier Ehrenberg (2010). Vidare seier han at ein person blir deprimert fordi ho må utstå illusjonen om at alt er mogleg for ho. Om dei ikkje lever opp til den optimaliserte utgåva av seg sjølv, er faren stor for at dei vil føle seg makteslause, tome, agiterte, tappa for energi og handlingslamma – og til slutt deprimerte. Dette kan vi sjå hos dei unge jentene, dei skal nå opp til eit nivå av perfektjon på alle område i livet. Faren er også til stades for at enkeltmennesket si sjølvkjensle vil bli svekka, då sjølvrealiseringa einsidig blir vektlagt som eit mål i seg sjølv, i verste fall med oppblomstring av meiningsstap og psykisk lidning som utfall (Madsen, 2010).

Vi ser at jentene presenterer symptom foreinleg med det Ehrenberg (2010) legg fram, og han seier at psykologien også må bli forstått på bakgrunn av eit kulturelt klima, der den individuelle personlegdomen er blitt gjenstand for ei enorm sosial og medisinsk interesse. Tre av dei unge jentene legg fram stressmeistringkurs og eit fokus på psykisk helse blant ungdom, noko som gjer at psykologar, og oss som framtidige psykologar, får ei rolle i dette. I følgje Madsen (2010) finst det ei utbreidd forståing av psykologi som eit verkemiddel for å forbetre samfunnet. Han seier det har blitt skapt ei felles førestilling om at dei fleste av samfunnet sine problem bør bli sett på og behandla som psykologiske. I følgje Brinkmann

(2010) så er den moderne psykologien blitt så dominerande for vår eiga forståing av oss sjølve og omverda, at den er med på å utgjere det den kanadiske filosofen Taylor har kalla ein samfunnsmessig førestillingshorisont, sjølve rammeverket som konstituerer våre teoriar om oss sjølve og verda. Psykologien har tatt på seg ei svært stor oppgåve, nemleg å forvalte menneskeleg lidning (Madsen, 2010). Psykologien kan gje trøyst til lidingar – noko som vi har sett at fleire av jentene har innsett. Men det er også viktig å vere merksam på at psykologien kan verte opphavet til lidingar (Madsen, 2010).

Psykologar, og framtidige psykologar, må vere merksame på kva slags haldningar og representasjonar vi er med på å støtte opp under og formidle vidare til samfunnet. I følgje Madsen (2010) er psykologi blitt ein profesjon og eit fag som er dårleg rusta til å forstå framtida, samtidig som vi har stor innverknad på den. Han seier at psykologien sitt problem også blir samfunnet sitt problem. På denne måten er ikkje psykologien sine manglar av avgrensa interesse og psykologien må verte medviten sine eigne grunnleggjande meiningar og påverknaden ein har på samfunnsutviklinga, og innta eit utan i frå-perspektiv på seg sjølv. Psykologien må setje seg inn i eit historisk samfunnsperspektiv og analysere ut i frå sentrale problemstillingar innan moderne samfunnsteori, seier han vidare. "Neither the life of an individual nor the history of a society can be understood without understanding both" (Mills, 1959, s.3). For å forstå mennesket må vi forstå samfunnet, og skal vi forstå samfunnet, må vi forstå mennesket. Dei sosiale representasjonane vi har, vert også forma av historia og vi må sjå på konteksten der dei sosiale representasjonane til flink pike-syndromet, vert danna. Ved at vi som fagpersonar vidarefører dei sosiale representasjonane media tilbyr, kan vi i verste fall vere med å forsterke lidinga til dei unge jentene – og også dei unge gutane.

Brinkmann (2010) nemner ikkje berre individualisering, men også sekularisering og patologisering. Det siste går på noko som tidlegare har blitt sett på som eit alminneleg menneskeleg problem, eller som ein simpelt avvik frå ein norm. Det vert no betrakta som og gjort til ein diagnostiserbar sjukdom eller forstyrring som krev behandling, ei karakterdiagnose som Lian (2014) tidlegare har vist til. Vår tid er prega av diagnosetenking og opptatt av psykiske symptom, noko som kan hindre jenter sine moglegheiter til vekst. Løkke (2014) tenkjer seg at identitetstenking (å lide av anoreksi, depresjon m.m.) i medisinsk sjukdomsforståing, kan vere med og skjule familiære og samfunnsmessige patologiar. Når behandling blir knytt opp mot det abstrakte spørsmålet "kva er du" i staden for "kven er du",

blir vegane stengde, som fører mot jentene sin personlege identitet (Cavarero, 2000 i Løkke, 2014). På denne måten kan diagnosekulturen stå fram som antiindividualistisk og verke undertrykkande. Jentene blir fråtekne eit språk for det dei vert utsette for. Det er med på å invadere og okkupere ein jentekropp og psyke som allereie er overbelasta (Løkke, 2014). Løkke tenkjer at ein må skape ei rørsle som tar oss vekk frå det abstrakte spørsmålet ”kva lid eg av?” til spørsmålet ”kven er eg?”. Men ved at Løkke seier at diagnosekulturen er antiindividualistisk legg han opp til at det er i individualiseringa det finst fridom for jenter – han ser ikkje bakom dette fridomsidealet som McRobbie (2009) viser til.

5.1.5 Er dei unge jentene eigentleg sinte?

Ida Skjelderup (2015) skriv i Prosa ein kritikk av to nyutkomne bøker, *F-ordet* og *Mannen*, og samanliknar desse to. Bøkene presenterer seg begge som sjølvhjelpsbøker basert på lesaren sitt kjønn. ”Men der *F-ordet* gir råd om hvordan man som enkeltperson kan bidra til å endre kulturelle strukturer, legger *Mannen* opp til at hver og en skal lære å hjelpe seg selv”, skriv Skjelderup. Ho meiner at det mest påfallande når ein les og set desse to bøkene opp mot kvarandre, er ulikheita i framstillinga av forholdet mellom vitskap, ideologi og kjønn. Vi får gjennom *F-ordet* eit grunnkurs i feminisme, både som sjølvheving og som mostand mot strukturell urett, medan *Mannen* heller gjev ei oppskrift på korleis han best kan hjelpe seg sjølv i eit samfunn som ikkje er tilstrekkeleg tilrettelagt for hans spesifikke mannlege kvaliteter. I *Mannen* vert identitet lagt fram som ein medfødt og konstant storleik og underkommuniserer den kulturelle konteksten si tyding for den enkelte sine sjansar. Eit av dei mest aktuelle prosjekta forfattarane av *Mannen* ser ut å rette seg i mot, seier Skjelderup, er å skape medvit rundt dei sinte unge mennene sin psykologi. Ei viktig forklaring som dei brukar, er unge gutar med ”mykje testosteron”, eit samleomgrep etter det Skjelderup forstår, ”for kvaliteter som er uønsket i det gjennomfeminiserte utdanningssystemet.” Det blir brukt eit perspektiv, der relasjonsproblematikk som følgje av manglande omsorg, blir sett i samanheng med strukturell undertrykking. Dette gjer at Skjelderup stiller seg nokre interessante spørsmål som også er viktig å ta med seg vidare inn i denne diskusjonen:

Men det jeg sliter med, er å kjøpe argumentet om at dette har med kjønn å gjøre. Ja, det er nok flere menn som har kjent seg tråkket på pga. den utbredte nedvurderingen av de verdiene deres respektive subkultur representerer – men å kople dette til den mannlige kroppen – biologien – virker veldig unødvendig.

Ho meiner at når ein av forfattarane, Dag Furuholmen, i Dagbladet (2015) legg opp til at ein bør gå i fakkeltog for unge menn, er ikkje det fordi det er så mykje enklare å handtere ein kvinnekropp. Men, seier Skjelderup, fordi nokre av gutane *heller ikkje* får lov til å innta roller som gjev dei reell innverknad på eigne liv. Ho spør om det eigentleg ikkje er endå vanskelegare for utbrytande og opprørske kvinner å bli høyrte. Sinte unge kvinner har mykje mindre spelerom enn sinte unge menn, og sanksjonane mot kvinner som ikkje klarer å bli vaksne i eit forventa tempo, rammar minst like sterkt kvinnene som mennene. ”Ideer som (...) at kvinner ikke er biologisk utstyrt med den samme motstandstrangen som menn – er med på å gjøre det enda vanskeligere å ta en plass utover det som er forventet av oss.” Kvinner som seier i frå, er feilvare, derfor vender dei oftare sinnet innover, skriv Skjelderup.

Løkke (2014) seier det er ei auka forventning til jenter om å vere flinke, snille og attraktive som fører til eit sinne som ein stumt og straffande vender innover. Han viser til hovudpersonane i bøkene til Linnea Myhre, Erica Løfström og Gine Cornelia Pedersen, som alle tar ein stor plass i verda gjennom sitt raseri, eit raseri som tidlegare var reservert unge menn. Han tenkjer seg at dette raseriet kan vere eit frigjerande potensial, men at familie, samfunn og kultur framleis er med å halde det nede. Når jentene ikkje finn legitime område å rette raseriet mot, blir den einaste moglegheita å vende det innover, mot sin eigen kropp og psyke. Løkke (2014) spør seg kva som er namnet på det som i dag undertrykkjer jenter i vår kultur? Post-feminisme, er svaret vi finn hos McRobbie (2009).

McRobbie (2009) skriv også om jenter som har eit usynleg raseri og forklarar mykje av dette med postfeminismen. Ho set det opp mot alle mogelege lidingar ei ung jente kan lide av (depresjon, anoreksi, sjølvskading m.m.) og meiner alle desse kan verte forstått og bli sett under overskrifta usynleg raseri. Ofte kan ekspertar og medisinsk personell nytte seg av referansen til kulturelle normer av kvinneleg perfeksjonisme i møte med flinke unge jenter. Normene vert fremma og godkjent i magasin retta mot kvinner - og i forbrukarkulturen. Den britiske legeforeininga har sagt at: ”Today’s young women is expected to strive for perfection in all spheres’ og ”achieving and maintaining a feminine identity doubly compromises the mental health of female (Brittish Medical Association, 2000 i McRobbie, 2009) Altså er det anerkjent at det å søke å oppnå ein feminin identitet, gjer kvinner og jenter sjuke. Det blir ”kulturelt forståeleg” det som gjer ei jente sjuk. Budgeon (2003) viser at kvinner no finn solidaritet blant seg sjølve, at desse sjukdomsklagene er ein vanleg del av pakken ved å vere

ei kvinne. Vi ser også dette samholdet og solidariteten til kvarandre i tekstane til dei flinke unge jentene. Si;D skapar eit møterom for unge kvinner som slit, der kan dei få råd, anerkjenning og forståing. Måtane dei forstår seg sjølv som kvinner, er også ein måte å ekskludere dei kvinnene som ikkje identifiserer seg med desse normaliseringsstrategiane. Dette blir attspegla i magasin som hindrar sosiopolitisk kritikk: tynne jenter på den eine sida og gode råd om å overvinne sjølvkjensla på den andre (McRobbie, 2009). Jentene må gjere dette internt og individualistisk, slik at sjølvmonitorerande praksisar erstattar det å vere avhengig av faste, allereie sette retningslinjer og strukturelle planar. Ein må altså styre seg sjølv og skape si eiga framtid. Sjølvhjelpsbøker, personlege rådgjeverar, livscoachar og alle moglege sjølvforbetrande Tv-program utgjer kulturelle verkemiddel, der individualiseringa opererer som ein sosial prosess (McRobbie, 2009).

5.1.6 Post-feministiske lidingar?

McRobbie (2009) spør seg om vi kan snakke om post-feministiske lidingar. Det kan sjå ut som postfeminismen har medlemmar som ser ut til å lide: det er betre å vere ei sjuk jente, enn jenta som står opp og går ut av si sjukeseng og utfordrar makta til den heteronormative matrisen. Patologi er å føretrekke, det som står som normalen, i dagens samfunn blant unge. Det har skjedd ei endring dei siste tiåra i forhold til lidingar i relasjon til kroppsbilete – eit femininmisnøye, har nådd nye høgder (McRobbie, 2009). Det blir nesten sagt at dette er noko ein kan forvente seg av unge kvinner i dag – den kvinnelege kroppen blir stadig brukt som eit subjekt til nye former for vurdering og fordømming. Ein kan sjå på dette som å ”lage” den unge kvinnelegheita på ein slik måte at den vert institusjonalisert patologi (Hacking, 2006).

Det ligg eit enormt press frå alle kantar i dag på dagens unge jenter der dei druknar i plikter, forventningar og krav, og må ty til desperate strategiar for å kjempe mot førestillingane om at dei ikkje er tynne, pene, smarte og snille nok (Løkke, 2014). Den overflatiske sjølvrealiseringsideologien skapar vanskar. Når dei har vakse opp med eit mantra om at alle moglegheiter ligg opne og viktigheita av å vere positiv, blir symptoma som oppstår i kjølvatnet av alle krava, oppfatta som negative og feil ved seg sjølv. Dette kan vi sjå at hos jentene som identifiserer seg som flink pike. Denne feilen blir igjen bekrefta dersom dei vert innlemma i diagnosekategorien. Der foreldregenerasjonen voks opp i ein kultur, der det var mogleg og legitimt å uttrykkje eit raseri mot overmakt og falske ideal, har sjølvrealiseringslogikken og diagnosekulturen vore med på å stenge desse moglegheitene.

Ho som lid (saman med alle andre), er ikkje lenger passiv, det blir faktisk forventet av ho å vere aktiv i kampen for å overkome sine lidningar (McRobbie, 2009) Men desse patologiane er ein del av hennar ”make-up”, ein personleg påminnar om kva det er å vere kvinne. Media og forbrukarkulturen produserer ei jente som ved hjelp av nye normer av klassifisering: ambisjon, optimaliseringspotensiale og opne moglegheiter legg ein uoppnåeleg standard.. Dette vert styrka i ein medfølgande diskurs som legg vekt på at jenter aldri har hatt det så godt som no – det er menn som ikkje har det bra: dei slit i det gjennomfeminiserte utdanningssystemet som forfattaren til Mannen viser til. I følgje McRobbie (2009) er ei slik felles forståing, eller sosiale representasjonar, med på å underslå behovet for eit nytt feministisk initiativ, sidan kvinner trass alt ser ut til å gjere det betre enn sine mannlege jamnaldrande. Då er spørsmålet til Skjelderup (2015), om det kanskje er for tronge roller til begge kjønn, viktig. Å tillegge ein slik normative misnøye til unge kvinner, har blitt ein viktig mekanisme for å skape kjønnskilnader, seier McRobbie (2009). Det gjev oss eit vokabular for å forstå det kvinnelege kropps-ego, utsett for angst, med manglar på enkelte område, som noko utilstrekkelig i forhold til sjølvtilit.

6 Avsluttande tankar

Begrepet flink pike-syndrom er eit konstruert omgrep – i tillegg til geografisk. Det eksisterer i den vestlige verda og vert nytta om jenter. Ved ei slik forståing, at dette er noko som rammar det kvinnelege kjønn og særleg den unge generasjonen, er ei slik språklegging av fenomenet med på å føre med seg visse sanningar kring omgrepet. I følgje Foucault (1980) får vi det han omtalar som dominerande sanningsregime, som oppstår når ekspertar uttalar seg, og trer fram som *naturlege*, *sanne* og *sjølvsegte* slik at dei kan påverke innhaldet media kommuniserer. Vi får eit sanningsregime rundt kjønn, det at flink pike-syndrom er med på å kategorisere jenter/kvinner som ”svakare.” Dette kan psykologar, og framtidige psykologar, vere med på å forsterke om vi tar del i bruken av omgrepet flink pike-syndrom. Ved å tilføre debatten alternativ representasjon kan vi vere med å utfordre desse sanningsregima.

Vi nyttar oss av sosiale representasjonar, og gjennom kommunikasjon uttrykkjer vi oss og kjem i kontakt med andre. Eg har i denne oppgåva sett at unge jenter som identifiserer seg med flink pike-syndromet, tek kontakt med kvarandre gjennom Aftenposten si debattside for ungdom og informerer om konsekvensar og løysingar kring fenomenet. Dette samsvarar også med det Bugdeon (2003) viser til, at kvinner finn solidaritet hos sine egne og at sjukdomsklagane vi har i vår kultur, har blitt ein vanleg del av den pakken det vil seie å vere kvinne, kanskje særleg ung kvinne.

Dei unge jentene med flink pike-syndrom forklarar ein identitet som er foreinleg med det å vere flink å høyre til ei slik gruppe. Ved å skulle ta avstand frå ein slik kategori må ein også ta avstand til verdiane og dei emosjonelle faktorane det å høyre til denne gruppa gjev. Ut frå Tajfel (1978) sin sosial identitetsteori vil jentene sette seg sjølv og si gruppe i eit positivt lys – og dermed sjå på utgrupper som eit mindre forlokkande alternativ. Vi er motiverte til å oppretthalde eit positivt sjølvbilde – og dei unge jentene ser ut til å føretrekke å ha eit flink pik-syndrom, enn å skulle gje opp si eiga flinkheit. Sjølv om jentene forklarar flink pike-syndromet som noko ibuande, noko dei ikkje har makt over, kan det tenkjast at det er meir ønskeleg med eit flink pike-syndrom, enn å skulle forlate ein identitet som flink pike.

Det kjem også fram at dei ulike identitetane til jentene som skriv inn til Aftenposten gjev oss ulike sosiale representasjonar og ei ulik kommunikasjonsform. Dette samsvarar med Moscovici (2008) og det han finn i det franske samfunn rundt psykoanalysen. Identiteten til

dei unge jentene, måten dei ser kvarandre på og representerer seg sjølv, er med på å forme korleis dei kommuniserer og forstår si eiga verkelegheit.

Diskusjonsdelen av oppgåva påviser ei anna forståing av verda som vi ikkje finn blant dei unge jentene – og heller ikkje i media. Tankar rundt individualisering som noko negativt – gjort tilgjengelig gjennom eit fridomsideal med utdanning og arbeid vert vanskeleg for oss å forstå. Dette ønskjer vi ikkje. Slik sett kan flink pike-syndromet vere med på å oppretthalde denne trua vi har på individet. Om ein ikkje klarer å leve opp til krav og forventningar som vert stilte, skuldast ikkje dette at det er noko gale med samfunnet, nei, det er jentene som lid av eit syndrom. Som oppgåva har vist, er det ikkje slik at gutane har det enklare i dagens samfunn heller. Dei ser ut til å droppe ut av vidaregåande oftare enn jentene og ser heller ut til å verte putta i ein kategori av sint, ung gut. Kanskje er problemet det same, men uttrykksforma annleis for kjønna?

Etter kvart som oppgåva har vorte til, er eg blitt klar over dei tronge rammevilkåra det er for å utøve ei rolle som ung i dag. Det eksisterer ikkje eit mangfald av roller for dagens ungdom, vi kan snakke om vinnarar og taparar. Dette gjer at eg vert nysgjerrig på kva ei tilnærming til flink pike-syndromet gjennom queerteori og Judith Butler (1999) si forståing av kjønn som noko performativt kan vise oss. Det at vi ikkje er eller har kjønn, men gjer og skapar kjønn gjennom å kopiere, herme og repetere – kopiar av kopiar blir sett i scene og framstår til slutt som naturlege. Om ein gjer kjønn på tvers av samfunnet sine konvensjonelle kjønnsrepetisjonar, skal dette gje eit endringspotensiale som kan føre til større variasjon i måten ein kan utføre kjønn.

Butler tenkjer seg at feilsiteringar av kjønn på sikt kan påverke korleis vi tenkjer om omgrep som kvinnelegheit, mannlegheit og seksuell legning. Men denne oppgåva viser heller det motsette. Romma for feil blant ungdom vert færre og færre, og vi har ein meir konvensjonell ungdomsgenerasjon enn nokon sinne. Ved å ta ei performativt tilnærming på moglege kjønnssiteringar i dag, vil det kunne tenkjast å tilføre debatten viktig informasjon om ungdomsroller og kjønnsroller. Kva er normene – og kva skjer om ein i dag trår utanfor. Vert rollene utvida – eller vert individet ekskludert? Eller når Løkke (2014) tenkjer seg at diagnosekulturen er antiindividualistisk – kan den fungere som eit verktøy for maktstrukturar? Feilsitering kan i dag, i staden for å vere med å utvide normer og føre til endring av ideologi i samfunnet, verte diagnostisert. Det er individet det er noko gale med,

ikkje samfunnet. Kanskje skal vi heller tenkje oss det motsette av Løkke (2014) – at løysinga er antiindividualistisk.

Eit anna perspektiv som kan tilføre informasjon, er kritisk diskursanalyse. Kritisk diskursanalyse har sitt fokus på makt, og handlar først og fremst om korleis sosial makt blir skapt, bekrefta og utfordra gjennom språket – korleis språket er med på å oppretthalde og oppnå makt. Van Dijk (2009) seier måten ei gruppe blir representert i språk kan vere eit verkemiddel til å fornekte og skjule dominans, eller maktbruk. Dette er også noko McRobbie (2009) viser til ved disartikuleringa av kvinner. Men van Dijk seier også at språk har eit potensiale til å fungere i interesse for vankelegstilte grupper, ved å omforme og forandre situasjonen.

Litteraturliste

- Alcock, J., & Sadava, Stanley W. (2014). *An introduction to social psychology : Global perspectives*. Los Angeles: SAGE.
- Ashby, J. S. & Rice, K. G. (2002). Perfectionism, dysfunctional attitudes and self-esteem. A struktural equations analysis. *Journal of Counseling & Development*, 80(2), 197–203. doi: 10.1002/j.1556-6678.2002.tb00183.x.
- Augoustinos, M., Walker, I., & Donaghue, N. (2006) *Social Cognition: An Intergrated Introduction*. London: Sage Publication.
- Bakken, A., Hartberg, S., Frøyland, L. R., Seippel, Ø., Sletten, M. A., & Øia, T. (2013). Ungdata. Nasjonale resultater 2010-2012 (NOVA-rapport 10/2013). Hentet 10.sept. fra: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Rapporter/2013/Ungdata-Nasjonale-resultater-2010-2012>
- Baker, David P. (2009). The Educational Transformation of Work: Towards a New Synthesis. *Journal of Education and Work*, 22(3), 163-191. doi: 10.1080/13639080902957822
- Bauer, Martin W., & Gaskell, George. (1999). Towards a Paradigm for Research on Social Representations. *Journal for the Theory of Social Behaviour*, 29(2), 163-186. doi: 10.1111/1468-5914.00096
- Bauman, Z. (2001). *The individualized society*. Cambridge: Polity Press.
- Beauvoir, S. (1996). *Det annet kjønn*. Oslo: Den norske bokklubben.
- Beck, U. (1992). *Risk society: towards a new modernity*. London: Sage.
- Beck, U. (2000) *The Brave New World of Work*. Cambridge: Polity Press.
- Ben-Asher, S. (2003). Hegemonic, Emancipated and Polemic Social Representations: Parental Dialogue Regarding Israeli Naval Commandos Training in Polluted Water. *Papers on Social Representations*. 12. 6.1-6.12.
- Blakar, R. (2006). *Språk er makt*. (7. rev. og utv. utg. ed.). Oslo: Pax.
- Bourdieu, P. (1998). The myth of ‘globalization’ and the European welfare state. I P. Bourdieu, *Acts of resistance: against the new myths of our time*. (29-44). Cambridge: Polity.
- Boyatzis, R. (1998). *Transforming qualitative information : Thematic analysis and code development*. Thousand Oaks, Calif: Sage Publications.

- Branco, A. U., og Valsiner, J., (1997) Changing methodologies: a co-constructive study of goal orientations in social interactions. *Psychology and Developing Societies*, 9(1), 35-64. doi: 10.1177/097133369700900103
- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77-101. doi:10.1191/1478088706qp063oa
- Breakwell, G.M., (1993). Social representation and social identity. *Papers on Social Representation*, 2(3) 198-217.
- Breakwell G, M. (2001) Social representational constraints upon identity processes. I K. Deaux og G. Philogène (red.), *Representations of the Social: Bridging Theoretical Traditions*. (271-284). Oxford: Blackwell.
- Breakwell, G, M., (2010) Resisting representationg and identity processes. *Papers on Social Representations*, 19, 6.1-6.11
- Breakwell, G. M., (2015) Identity process theory. I: Sammut, G., Andreouli, E., Gaskell, G. og Valsiner, J. (red.). *The Cambridge Handbook of Social Representation*. 250-268.
- Brinkmann, S. & Tanggaard, L. (2010). *Kvalitative metoder: En grundbog*. København: Reitzel.
- Brinkmann, S. (2010): *Det diagnosticerede liv - sygdom uden grænser*, Klim, Aarhus.
- Budgeon, S. (2001). Emergent Feminist(?) Identities: Young Women and the practice of Micropolitics, *European Journal of Women's Studies*, 8(1): 7-28. doi: 10.1177/135050680100800102
- Budgeon, S. (2003). *Choosing a self: Young Women and the Individualisation of Identity*, Praegar Publishing, Westport CT.
- Butler, J. (1999). *Gender trouble : Feminism and the subversion of identity*. New York: Routledge.
- Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (2014). Hentet 4. april fra: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/etiske-retningslinjer-for-forskning-pa-internet/>
- Dijk, T. (2009). *Society and discourse : How social contexts influence text and talk*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Deaux, K., & Philogène, Gina. (2001). Introduction. I *Representations of the social : Bridging theoretical traditions*. (3-7). Oxford: Blackwell.
- De Rosa, A. S. (2001) The king is naked. Critical advertishment and fasion. The Benetton Phenomenon. I Deaux and Philogène (red.). *Representations of the social : Bridging theoretical traditions*. (48-82). Oxford: Blackwell..

- Duveen, G. (2000). Introduction: The power of ideas. I: Moscovici, S. *Social representations: Explorations in social psychology*. (1-17). Cambridge: Polity Press.
- Duveen, G. (2001). Representation, identities, resistance. I Deaux and Philogène (red.). *Representations of the social : Bridging theoretical traditions*. (257-270). Oxford: Blackwell.
- Duveen, G. (2008). Introduction. I: Moscovici, S. *Psychoanalysis : its image and its public*. (xi-xviii). Cambridge: Polity Press.
- Ehrenberg, A. (2010). *The weariness of the self: diagnosing the history of depression in the contemporary age*. Montreal Que.: McGill-Queen's University Press.
- Eicher, V. og Bangerter, A. (2015). Social representations of infectious diseases. In: G. Sammut; E. Andreouli; G. Gaskell; J. Valsiner (red.). *The Cambridge handbook of social representations*. Cambridge University Press.
- Falch, T., Borge, L. E., Lujala, P., Nyhus, O. H. og Strøm, B. (2010). Årsaker til og konsekvenser av manglende fullføring av videregående opplæring. Hentet 4. April: http://fido.nrk.no/355bda6a64a1500d2b348e3b0daccbb24fa5673ac656f0d74f1906cd1f884fa8/arsaker_og_konsekvenser_vgO1.pdf
- Foucault, M. (1980) *Power/knowledge: Selected interviews and other writings 1972-1977*. Brighton: Harvester Press
- Furedi, F. (2006) *Culture of Fear Revisited: Risk-Taking and the Morality of Low Expectation*. London: Continuum.
- Furuholmen, D. (2015). Ingen går i fakkeltog for unge menn. *Dagbladet*. Hentet 4. aug. frå: <http://m.db.no/2015/04/10/kultur/meninger/kronikk/debatt/likestilling/38612117/?www=1>
- Garvik, M., Idsøe, T., & Bru, E. (2013). Depression and school engagement among Norwegian upper secondary vocational school students. *Scandinavian Journal of Educational Research*, 57, doi: <http://dx.doi.org/10.1080/00313831.2013.798835>
- Giddens, A. (1991). *Modernity and self-identity: Self and society in the late modern age*. Cambridge: Polity Press.
- Gillespie, A. (2008). Social representation, alternative representation and semantic barriers. *Journal for the Theory of Social Behaviour*, 38(4), 375-391. Doi: 10.1111/j.1468-5914.2008.00376.x
- Hacking, Ian. (2006) Making up people. *London Review of Books*, 28(16), 23-26
- Hageberg, A. O. (2014). Ein generasjon av stressa jenter. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*. 51(11), 961-963

- Hall, S. (1997). *Representation: cultural representations and signifying practices*. London: Sage.
- Hegna, K., Ødegård, G. og Strandbu, Å. (2013). En ”sykt seriøs” ungdomsgenerasjon. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 50(4), 374-377
- Helplink. (2015). Hentet 2.feb. frå: <http://helplink.no/flink-pike-syndrom/>
- Howarth, C. (2002). Identity in Whose Eyes? The Role of Representations in Identity Construction, *Journal for the Theory of Social Behaviour* 32:2 0021-8308 s. 145-162. Doi: 10.1111/1468-5914.00181
- Howarth, C. (2011) Representations, identity and resistance in communication. I: Hook, D., Franks, B. og Bauer, M. W. (red.) *The social psychology of communication*. Palgrave Macmillian, London, UK.
- Höijer, B. (2011). Social representations theory: A new theory for media research. *Nordicom Review*, 32(2), 3-16.
- Höijer, B. (2010). Emotional anchoring and objectification in the media reporting on climate change. *Public understanding of Science*, 19, 717-731. doi: 10.1177/0963662509348863
- Jodelet, D., & Duveen, Gerard. (1991). *Madness and social representation*. New York: Harvester Wheatsheaf.
- Joffe, H. (2012). Thematic Analysis. I D. Harper & Andrew Thompsons (red.) *Qualitative Research Methods in Mental Health and Psychotherapy: A Guide for Students and Practitioners* (209-223). John Wiley and Sons. 209-223.
- Kostøl, A. R. & K. Telle (2011). Sykefraværet i Norge de siste tiårene: Det handler om kvinnene. *Samfunnsøkonomen* (1)
- Kristensen, P og Bjerkedal, T. (2009) Kjønnforskjeller og sosiale ulikheter i sykefravær 2000-03 blant fødte i Norge, 1967-76. *Norsk Epidemiologi*. 19(2) 179-191.
- Lewin, K. (1948) *Resolving social conflicts; selected papers on group dynamics*. Gertrude W. Lewin (ed.). New York: Harper & Row, 1948.
- Lian, O. (2014) Hva ligger i navnet? Psykiatriske diagnoser og diagnosenes sosiologi. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 51(9), 723-728.
- Lloyd, G. (1995). *Mannlig og kvinnelig i vestens filosofi* (Vol. 22, Cappelen upopulære skrifter, Ny rekke). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Løkke, P.A. (2014). Jenters stumme raseri – i diagnosenes tidsalder. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*. 51(9), 676-772.
- Madsen, O. J. (2010). *Den terapeutiske kultur*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Malt, E. A. (2003). Kvinner og psykiske problem. *Sinnetshelse.no*. Hentet 4. April fra:
http://www.sinnetshelse.no/artikler/kvinner_psykiske_problemer.htm
- Marková, I. (2007). Social identities and social representation: How are they related? In G. Moloney and I. Walker (red.) *Social Representations and Identity*. (215-236). New York: Palgrave: Macmillian
- McRobbie, A. (2009). *The aftermath of feminism : Gender, culture and social change*. Los Angeles: Sage.
- Mills, C. W.: 1959, *The sociological imagination*, Oxford University Press, London.
- Moscovici, S. (1973). Foreword. In C. Herzlich, Health and Illness. *A Social Psychological Analysis*. London: Academic Press.
- Moscovici, S. (2000). *Social representations: explorations in social psychology*. Cambridge: Polity Press.
- Moscovici, S. (2001) Why a Theory of Social Representations? I: K. Deaux og G. Philogène (red.), *Representations of the Social: Bridging Theoretical Traditions*. (8-36). Oxford: Blackwell.
- Moscovici, S. (2008). *Psychoanalysis : its image and its public*. Cambridge: Polity Press.
- Moscovici, S. og Marková, I. (1998) Presenting Social Representation: A conversation. *Culture and Psychology*. 4: 371-410. Doi: 10.1177/1354067X9800400305
- Mykletun, A., Evensen, M., Hagen, K. Og Vaage, K. (2012). Hvorfor øker kjønnsforskjellen i sykefraværet mellom kvinner og menn? *Tidsskrift for Norsk Psykologiforening*. 49(6), 594-596.
- Mykletun A. (2014, okt.) Hvorfor er kvinner mer borte fra jobben enn menn. *Aftenposten, seksjon: A-magasinet*. Henta 15. des. fra:
<http://www.aftenposten.no/amagasinet/Hvorfor-er-kvinner-mer-borte-fra-jobben-enn-menn-7725977.html>
- Philogène, G. (2001a). A theory of methods. I Deaux and Philogène (red.), *Representations of the social : Bridging theoretical traditions*. Oxford: Blackwell. 39-41.
- Philogène, G. (2001b). From race to Culture. I Deaux and Philogène (red.), *Representations of the social : Bridging theoretical traditions*. Oxford: Blackwell. 113-128.
- Renedo, A. and Jovchelovitch, S. (2007) Expert knowledge, cognitive polyphasia and health: a study on social representations of homelessness among professionals working in the voluntary sector in London. *Journal of Health Psychology*, 12(5). 779-790.

- Rødevand, L. (2015, 9. juni 2015). «Generasjon prestasjon» må bli mye bedre til én ting, og det er å prioritere. *Psykologisk.no*.
- Sammud, G., Andreouli, E., Gaskell, G. og Valsiner, J. (2015). Social representation: a revolutionary paradigm? I *The Cambridge Handbook of Social Representation*. 3-11.
- Sammud, G. and Howarth, C. (2014) Social representations I: T. Thomas, (red), *Encyclopedia of Critical Psychology*. Springer Reference. Springer, New York, USA, 1799-1802
- Sarromaa, S. (2011). Det nye og den unge norske kvinnen. Diskurser, representasjoner og resepsjoner om ung kvinnerlighet i 1957-77 og i 2009. *Doktoravhandling*, Karlstad University Studies. Universitetsstrykkeriet, Karlstad.
- Sikveland, S., F. (2013). 18 år og snart uførepensjonist. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*. 50(6), 568-579.
- Skagestad, L. J. & Madsen, O. J. (2015). «Man blir så redd for å gå glipp av seg selv» - En tematisk analyse av depresjon hos unge voksne. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 52(9), 751-761.
- Skjelderup, I. (2015). Kjønnstilpasset selvhjelp. *Prosa*. Hentet 1.okt frå: <http://prosa.no/bokanmeldelser/kjonnstilpasset-selvhjelp/>
- Tajfel, H (1978) *Differentiation Between Social Groups: studies in the social psychology of intergroup relations*. Academic Press, London.
- Tajfel, H. (1974). Social identity and intergroup behaviour. *Social Science Information*, 13(2), 65-93. doi: 10.1177/053901847401300204
- Volven (2015). Helsedirektoratets nasjonale database. Henta 4.aug frå: <https://volven.helsedirektoratet.no/begrep.asp?id=823&catID=12>
- Von Soest, T., & Wichstrøm, L. (2013). Secular trends in depressive symptoms among Norwegian adolescents from 1992 to 2010. *Journal of Abnormal Child Psychology*, 42, 403-415. doi: 10.1007/s10802-013-9785-1
- Wagner, W., Duveen, G., Farr, R., Jovchelovitch, S., Lorenzi-Cioldi, F., Markova, I. & Rose, D. (1999) *Theory and method of social representation*. *Asian Journal of Social Psychology*, 2, 95-125.
- Wagner, W., Kronberger, N., & Seifert, F. (2002). Collective symbolic coping with new technology: Knowledge, images and public discourse. *British Journal of Social Psychology*, 41, 323–343.
- Wagner, W. og Hayes, N. (2005). *Everyday Discourse and Common Sense – The Theory of Social Representation*. Basingstoke: Palgrave-Macmillan.

Washer, P. (2010). *Emerging infectious diseases and society*. Basingstoke: Palgrave Mcmillian

Øia, T. (2012). Ung i Oslo 2012: Nøkkeltall. *Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring*. NOVA Notat 7/2012. Hentet 8. September fra: www.hioa.no/content/download/45468/674693/file/6066_1.pdf

Empirisk litteraturliste:

Jente 1 (2011, 18.09). Flink-pike-syndrom. *Aftenposten, seksjon: Ung debatt*, s.23.

Jente 2 (2011, 03.10). Det er lov å si nei! *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.19.

Jente 3 (2011, 26.10). Flink pike-syndromet. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.20.

Jente 4 (2012, 26.04). Pust og smil. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.27.

Jente 5 (2014, 04.01). Flink-pike-syndromet. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.19.

Jente 6 (2014, 07.01). 19 år og utbrent. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.20.

Jente 7 (2014, 10.01). Fra en litt eldre pike. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.27.

Jente 8 (2014, 18.01). Uten tittel. *Aftenposten, seksjon: Si;D*. s.27.

Jente 9 (2014, 25.09). Ikke alle skoleflinke jenter er ”flinke piker”. *Aftenposten, seksjon: Si;D*, s.14.

Jente 10 (2014, 08.10). Farvel, flink pike-syndrom. *Aftenposten, seksjon: Si;D*, s.13.

Jente 11 (2014, 13.10). Flinke piker- og gutter. *Aftenposten, seksjon: Si;D*, s.11.